


# Årsmelding 2015



 **VÅGÅ**  
KOMMUNE

# ORDFØRARENS KOMMENTAR

Velkommen til årsmeldinga for Vågå kommune 2015. Vi ønskjer å gje deg som lesar eit godt innblikk i aktiviteten som har vært i kommunen i året vi har lagt bak oss.

Det går særst godt i Vågå kommune. Eg er veldig stolt over dei resultat som til ei kvar tid blir lagt fram. Kvar dag presteres det til det beste for fellesskapet. Det er gledelig å vere ein kommune i ein region som leverer tenester på nasjonalt topp nivå. Det er ein kommune sin oppgåve å ivareta innbyggjarane sine interesser på best mogleg måte til ei kvar tid, den skal ta seg av dei nære ting. Der vi veit at trygghet og nærleik til tenestene er viktig for oss alle. Takk til alle som kvar dag bidreg med sitt til at vi som bur her får gode tenester.

Som du vil lese i rådmannen og hans stab sine kommentarar i årsmeldinga er Vågå kommune på god veg med ei sunn utvikling av kommuneøkonomien, dette samstundes som at brukarundersøkinga i regi av Kommuneforlaget syner gode resultat på tenester som brukarane tek i mot i vår kommune. Nest beste plassering i heile landet både innanfor SFO og Pleie- og Omsorg må vi seie oss særst tilfreds med.

Takk til frivillige lag og organisasjonar som har bidrege til eit mangfald av aktivitetar og arrangement.

Eg vil og retta ein takk til alle tilsette for samarbeidet, og rose rådmannen og hans stab for å arbeide målretta med oppfølging av politiske vedtak, for ei positiv og framtidsretta utvikling av Vågå kommune.

*Med vennleg helsing  
Iselin Jonassen  
Ordførar Vågå kommune*



Foto: Byste av Edvard Munch i prestegårdshagen.

# KOMMUNESTYRET



Iselin Jonassen  
(AP – Ordførar)



Svein Blankenborg  
(Bl) – Varaordførar



Egil Barhaugen  
(AP)



Sverre Braaten  
(AP)



Frode Sandum  
(AP)



Anne Grethe  
Furuheim (AP)



Ingrid Turtum (AP)



Tor-Ivar Furuset  
(AP)



Mette Vårdal  
(SP)



Turid Grimsbø  
Snerle (SP)



Ole Jacob Holen  
(SP)



Ove Turtum (SP)



Steinar Ola  
Håkenstad (SP)



Ørjan Venås  
(SP)



Steinar Aasgaard  
(Bl)



Harald Sve  
Bjørndal (Bl)



Anne Sjetne  
(SV)

Foto: Arve Danielsen, Fjuken



Vågå kommune  
Edv. Stormsveg 2  
2680 Vågå  
Org.nr: 939 607 706

Serviceorget  
Måndag – Fredag 07.30 – 15.00  
Tlf 61 29 36 00 - Fax 61 29 36 01  
postmottak@vaga.kommune.no  
www.vaga.kommune.no

Andre opningstider og telefonnummer sjå siste side.

Framsidedo: Vågåmo sett frå Ullinsvin.

# RÅDMANNEN SI VURDERING AV 2015

Årsmeldinga frå administrasjonen til kommunestyret er svaret på i kor stor grad administrasjonen har fulgt opp dei politiske prioriteringene og ambisjonane som er nedfelt i årsbudsjettet. Det er alltid ei viss spenning om kor sluttresultatet vil liggje reelt fordi det dukkar opp mange ting på slutten i rekneskapsarbeidet.

2015 vart eit godt økonomisk år for Vågå kommune. Vi kan registrere at vi har eit rekneskap som viser eit overskot på ca. 6.1 mill. kroner.

Kommunen har halde seg innanfor dei tildelte ramene til drift for 2015. Dette viser budsjett disiplin og det er all grunn til å rette ein velfortjent ros til tenesteleiarane for resultatet. 2015 er det fyrste heile året vi kan erfare resultater frå omorganiseringa i kommunen. Rådmannen er glad for å registrere at alle tenesteleiarane har teke inn over seg sine nye roller og viser ansvarlegheit og fagleg dugleik. Dette viser at vi har fått ein organisasjon som svarar opp til våre felles forventningar. Rådmannen opplever medarbeidarar som viser vilje og lojalitet og ser heile organisasjonen under eitt når vi må ta nye grep for å drive kostnadseffektivt utan å miste synet av dei gode tenestene innbyggjarane i Vågå mottek.

Kommunestyret vedtok tre handlingsreglar for Økonomiplanperioden 2014-2017. Dette er dei overordna økonomiske føringane i perioda.

- > Netto driftsresultat på 3%
- > Disposisjonsfond på 8%
- > Lånegjeld på maksimalt 100% av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat er på 6,9% for 2015, men dette er noko misvisande fordi inne i dette ligg vel 15 mill. kroner til regionalt breibandutbygging. Korrigerer vi for dette kjem vi på eit resultat på ca. 2,4%. Dette er under måletalet, men dette er sett opp frå gamal berekningsmodell. Teknisk Beregningsutvalg kom i 2013/2014 med ny justert modell for netto driftsresultat

som eit resultat av endringene i føringen av moms-kompensasjon (dette kan ikkje lenger leggjast inn i drift). Det nye måletalet er 1,75%. Det er nok mest rett å korrigere måletalet i økonomiplanen for 2017 – 2020.

Disposisjonsfondet utgjør 6,3% av driftsinntektene. Ved å styrke disposisjonsfondet med delar av rekneskapsoverskotet vil Vågå kommune ta eit stort skritt for å innfri kravet om å ha eit disposisjonsfond på 8%. Ser vi på perioda frå 2014 og fram til i dag så har vi klart å styrke fondet kvart år og det opprinnelege målet på 8% ved utgangen av 2017 er klart realistisk.

Lånegjelda har vore mykje omtala i Vågå. Lånegjelda er samansett og ikkje einseitig negativ og utgiftsberande. Vi har i løpet av eit par år klart å flate ut gjelda. Vi har fokusert på å styrke likviditeten og auke inntektene. Dette ser vi resultater av nå fordi vi har redusert netto lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekter frå 103% til 81,2% ved utgangen av 2015. Dette er svært positivt og gjer oss mindre sårbare ved renteoppgang – når den tida kjem.

Pensjonsutfordringane for norske kommuner er store. Vi må så langt råd er styrke avsetjing til disposisjonsfondet, da særleg pensjonsfondet, for å vere førebudd på dei store utgiftene som vil kome. Det er ingen grunn til å tru at staten vil bere desse utgiftene for kommunen. Vi ser og at vi har klart å redusere premieavviket med 3,8 mill. kroner i 2015.

Vågå kommune har ei utfordring med å redusere sjukefråværet. Totalt ligg dette noko høgt. I desse dagane har vi difor starta opp arbeidet med ei arbeidsgjevarpolitisk plan. Vi prioriterer dette for å spisse og tydeleggjere arbeidsgjevjarrolla i heile organisasjonen, inkludert det politiske miljøet, for om mogleg å bli enda bedre som arbeidsgjevar og gjennom dette å få til eit enda bedre arbeidsmiljø som har meir fokus på nærver i staden for fråver. Vi har ei gruppe som jobber saman med NAV om tiltak for å redusere sjukefråværet.

Vågå kommune har hatt stort fokus på kommuneplanarbeidet i 2015. Vi har kjørt eit parallelt løp med samfunnsdelen og arealdelen. Arealdelen skal nå ut på høyring. Dette er kommunen sitt viktigaste dokument fordi det legg føringar for alt arbeidet vi skal gjennomføre lokalt i mange år framover. Difor blir det viktig å ha eit blick mot 2025-2030 og utvise ambisjonar for korleis vi skal klare å utvikle kommunen. I dette planarbeidet står sjølsagt primærnæring, generell næringsutvikling, stadutvikling og reiseliv spesielt sentralt.

Vågå har i ei årrekke vore ei særskild aktiv prosjektkommune. Og det er viktig å halde fokus for å prøve å realisere nokre prosjekt som vi har flagga ganske sterkt. Prosjektgruppa og styringsgruppa for Galleri Krogvold har jobba mykje og godt. Vi har fått til ei prosjektskisse som i desse dagane blir presentert for utvalde med tanke på å få finansiert prosjektet.

Det har vore arbeid mykje og utgreidd mykje i samband med Gjendeosenprosjektet. Det vart semje om ei avtale i 2015, men etter nokre uforklarlege runder valde Fylkestinget å gå mot administrasjonen sin tilråding om å gå inn med 3 mill. kroner ekstra. Denne saka blir lagt fram for kommunestyret til ny handsaming i april.

Kommunereformarbeidet krev naturleg nok ein del ressursar. Styringsgruppa, prosjektgruppa og forhandlingsutvalet har jobba intensivt for å rekkje tidsløpet. Nå ligg det an til at ei intensjonsavtale skal handsamast i dei respektive kommunestyrene i vår med ei påfyljande folkerøysting 22.05.16. Kommunereformarbeidet har nok fått eit nytt element innover seg som har skapt ein del debatt i dei siste månadane. Nytt inntektssystem er viktig og det er liten grunn til å setje to streker under svaret før kommuneøkonomiproposisjonen blir lagt fram i mai 2016.

Vi har gjennomført eit arbeidskrevjande prosjekt innan Heimebaserte tenester og til dels Vågåheimen i haust og vinter. Vi såg at vi fekk mindre og mindre statlege kroner for ressurskrevjande brukarar. Tala frå Vågå var låge (det vi fekk frå staten) samanlikna med andre kommuner vi kjenner godt. Vi gjennomførte difor eit større revisjonsprosjekt saman med Søderman. Konsulenthonoraret kom til slutt på vel kr. 300 000, men dette var vel brukte midlar. Gjennomgangen avslørte ei stor underrapportering

over mange år. Allereie i 2017 vil vi sjå ei innføring på fleire millionar kroner – eksakt sum får vi kome attende med.

Det var sett ned ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe med tanke på Helse- og omsorg. Prosjektgruppa arbeider i desse dagane med eit romprogram for kortids- og langtidsplassar og parallelt arbeider gruppa med lokalisering av PU og avlastningsplasser for RUS/Psykiatri. Dette arbeidet blir presentert for styringsgruppa om kort tid.

Rådmannen vil takke det politiske miljøet for godt samarbeid. Det er viktig at vi saman greier å finne dei smarte og gode løysningene på dei utfordringene vi står overfor både på kort og lang sikt.

Det er all grunn til å takke økonomisjef og rekneskapsansvarleg for ein god og grundig jobb. Gode attendemeldingar frå revisjonen stadfestar dette. På same måte vil eg takke alle som er med og legg til rette for ein omfattande og detaljrik prosess.


Vågå 24.03.2016  
Ådne Bakke, rådmann



# ORGANISASJONSKART

16. februar 2015

## ORGANISASJONSKART - VÅGÅ KOMMUNE



6



Parti frå Norherad.

7

# OM VÅGÅ KOMMUNE

## Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med kommunestyret, formannskap, hovudutval m.fl.

## Administrasjon og leiing

Ny administrativ organisering hadde oppstart 1. april 2015. Leiinga består av rådmann, 2 kommunalsjefar og 12 tenesteleiarar. Ein av kommunalsjefane har kombinasjonsstilling kommunalsjef/tenesteleiar.

## Medarbeidarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen.

Arbeid med kompetanseplan har ikkje vore prioritert i 2015.

Utvikling i talet på tilsette frå 2013-2015	2013	2014	2015	Endring	Endring i %
Tilsette (faste, vikariat, lærlingar), 31.12	392	392	392	0	0
Endring i årsverk, pr 31.12	305,72	307,65	311,46	3,81	1,24
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	77,9	78,4	79,4	1	0,13
Administrative stillingar – tilsette *)	24	27	26	-1	-3,6
Administrative stillingar - årsverk	17,1	16,57	16,95	0,38	2,3

Tabellen viser stillingar løna heilt/delvis på kostrafunksjon 120 administrasjon og 290 administrasjon interkommunalt samarbeid. Endring i adm. årsverk frå 2014 har bakgrunn i ny organisering.

## Likestilling/Likeløn

8 Av 392 tilsette er det 320 kvinner. Kommunen har eit ønske om å få inn fleire menn i omsorgsyre enn i dag. Gutar blir trekt inn i barnehagane gjennom aktivitetsveke og sommararbeid. Det blir også rekruttert mannlege ferievikarar innan helse og omsorg.

2015	Kvinner	Menn
<b>I alt</b>	<b>392</b>	<b>70</b>
Rådmannsnivå	5	3
Fellestener	10	3
Skule/barnehage	123	18
Kultur og næring	19	10
Vågåheimen, Heimebaserte	154	6
Helsetener	19	1
Landbruk	7	6
Teknisk	50	23
Skatt/arbeidsgjevarkontroll/ NAV	7	1

\*) 2 tilsette har delt stilling mellom ulike område

I toppleiargruppe er det 3 menn ved utgangen av 2015. På tenesteleiarnivå er det 7 kvinner og 5 menn.

Tabellen viser fordeling på kjønn med på ulike tenesteområde.

2014	Kvinner	Menn
<b>I alt</b>	<b>392</b>	<b>72</b>
Fellestener	21	21
Oppvekst og kultur	135	30
Skule/barnehage	118	19
Oppvekst/kultur øvrige	17	11
Helse og omsorg	189	8
Utøvande omsorgsyre	159	5
Helse/sosial øvrige	30	3
Landbruk	8	7
Teknisk	46	23

\*) 7 tilsette har delt stilling mellom ulike område

Løn for tilsette i kap. 4 blir fastsett i samsvar med gjeldande tariffavtalar som kombinasjon av sentrale og lokale oppgjer. Dette gjer at både kvinner og menn i stor grad får lik løn for

likt arbeid. Forskjellar har som oftast samanheng med ulik ansiennitet.

	2015			2014		
	Kvinner	Menn	Diff. i menns favør	Kvinner	Menn	Diff. i menns favør
Samla i organisasjon	420	476	13,3	412	468	13,5%
<b>Kap 3 og 5</b>						
Adm. leiargruppe. inkl tenesteleiar	594	672	13,1	568	635	11,8%
Kap. 5.2.+avd.leiarar	479	511	6,7	480	506	5,4%
<b>Kap. 4.</b>						
Ufaglærte	363	379	4,4	350	363	3,7%
Faglærte	384	394	2,6	376	397	5,5%
Høgskule	429	438	2,1	422	428	1,4%
Høgskule m/tillegg	482	0		472	0	0
Lærer	451	0		442	382	-13,5%
Adjunkt	475	453	-4,8	470	452	-3,8%
Adjunkt m/tillegg	516	500	-3,2	514	489	-4,9%
Lektor	511	506	-1	508	497	-2,2%

## Heiltidskultur

Tal for 2015 viser ein auke i den gjennomsnittlege stillingsprosent frå 78,4% til 79,4%.

Det er pr. 31.12.15 246 personar i deltidstillingar, og av dette er 216 fast tilsette

## Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 48% (49% i 2014) er i aldersgruppa 50 år+, dette er noko av den same tendensen ein ser i andre kommunar. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli ei utfordring i åra som kjem. Spesielt innan omsorgsyrene, men også i barnehage/skule.

Ved inngangen til 2016 er 59 tilsette innan helse og omsorg 55 år+, av desse er 29 personar 60 år+. Tilsvarende tal for barnehage/skule er 37 personar, av desse er 24 personar 60 år+

<20 år	1
20-29	22
30-39	69
40-49	110
50-59	114
60-64/60+	60
65+	16

## Seniorane

Kommunen har AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62 - 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2016 har kommunen 5 tilsette/tidlegare tilsette som tek ut delvis eller heil AFP.

## Lærlingar

Kommunen gjev tilbod om lærlingplassar og har ved utgangen av 2015 9 lærlingar i ulike fagområde. Lærlingane er fordelte slik:

Barne/ungdomsarbeidarfaget:  
3 stk plassert ved skule/barnehage

Helsearbeidarfaget:  
3 stk plassert innan helse og omsorg

IKT:  
2 stk plassert på U-skulen

Kontorfaget:  
1 stk plassert i Servicetorget


## Sjukefråvær/nærværarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å vere ei «langtidfrisk» kommune som har fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemelde arbeidstakarar og jamlege statistikkar viser utvikling/ending på den enkelte tenestestad.

Trass i gode rutinar held lege- og eigenmeld sjukefråvær i 2015 seg på totalt 7,0% (7,2% i 2014, 5,7% i 2013 og 6,9% i 2012). Eigenmeld fråvær utgjer mellom 0,7%-1,1% av det totale fråværet. Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt fråvær på 5,8%.

Sektoren med størst fråvær i 2015 er oppvekst og kultur med 8,1%, ei auke på 2,3% frå 2014 som viste 5,8% (2013: 5,5%). I 2015 har helse og omsorg eit fråvær på 7,9%, ein nedgang på 1,1% frå 2014 som viste 9,0% (2013:5,6%). Tekniske tenester har eit fråvær på 3,5% i 2015, ein nedgang på 3,9% frå 2014 som viste 7,4% (2013: 8,7%)

Samanlikna med tidlegare år (2007-2015) for lege- og eigenmeldt fråvær:



I 2015 har vi nytta prosjektmidlar frå «Saman om ein betre kommune» til å auke kompetanse på leiarane, tillitsvalde og verneombod innan psykisk helse/rus og oppfølging av tilsette som «slit psykisk».

Vi har gjennomført eit nyttig samhandlingsmøte med partane som samarbeider rundt den sjukemelde (lege/behandlar, leiar, personal, NAV). Felles utfordringar og idear til betre samhandling var drøfta.

## Etiske retningslinjer

For å ivareta etiske standardar på alle nivå i organisasjonen, vedtok kommunestyret 21.10.2008 etiske retningslinjer for Vågå kommune. Retningslinjene er meint å vere eit hjelpemiddel for tilsette og folkevalde på etiske problemstillingar som vi kan stå overfor i vår forvaltning. Retningslinjene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samtidig skape refleksjon hos den enkelte.

## Internkontroll

Organisasjon har arbeidd vidare med kvalitetsarbeid i 2015 og verktøyet er kvalitets- og avvikssystemet Compilo (tidlegare Kvalitetslosen). Målet er å få på plass manglande dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt få tilsette til å melde frå om uønskte hendingar. Brannvesenet har mellom anna lagt all sin dokumentasjon inn i systemet og vil bruke Compilo aktivt med tanke på kvalitetsforbetring framover. I 2015 var det meldt inn totalt 213 avvik (139 i 2014), av desse var 21 kategorisert som «HMS-avvik», 30 som «organisasjon/internt» og 162 som «teneste/brukar». Med nokre få unntak så er alle avvik melde innan helse og omsorg.

## Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leinga og HTV-gruppa til uformelle møte. HTV-gruppa blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjerder som betyr noko for dei tilsette. Hovudverneombod er frikjøpt 20%.



# ØKONOMISKE HOVUDTAL



Frå prestegårdshagan.

## Økonomisk oversikt – drift

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	12 791 247,05	13 222 000,00	13 222 000,00	12 647 965,26
Andre salgs- og leieinntekter	37 458 767,11	36 577 000,00	37 027 000,00	36 319 540,30
Overføringer med krav til motytelse	49 902 060,49	30 873 000,00	16 202 000,00	31 811 102,33
Rammetilskudd	137 649 599,00	138 487 000,00	138 487 000,00	137 386 798,00
Andre statlige overføringer	13 331 987,00	13 179 000,00	11 422 000,00	12 002 104,20
Andre overføringer	1 190 718,00	1 106 000,00	505 000,00	896 705,76
Skatt på inntekt og formue	66 423 091,43	64 184 000,00	69 000 000,00	63 791 578,48
Eiendomsskatt	14 973 786,64	14 800 000,00	14 800 000,00	12 976 542,75
Andre direkte og indirekte skatter	4 085 088,00	4 085 000,00	700 000,00	4 073 013,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>337 806 344,7</b>	<b>316 513 000,00</b>	<b>301 365 000,00</b>	<b>311 905 350,10</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	174 449 810,90	167 764 000,00	168 233 000,00	167 710 931,50
Sosiale utgifter	34 033 805,51	38 397 000,00	36 404 000,00	33 596 287,83
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	44 313 060,24	41 245 000,00	37 695 000,00	43 871 144,97
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	34 651 488,66	32 182 000,00	31 688 000,00	33 306 661,29
Overføringer	19 012 637,08	13 232 000,00	11 639 000,00	23 050 069,68
Avskrivninger	19 671 882,00	18 653 000,00	18 653 000,00	18 628 939,00
Fordelte utgifter	-3 843 208,72	-3 672 000,00	-494 000,00	-3 909 587,80
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>322 289 475,70</b>	<b>307 801 000,00</b>	<b>303 818 000,00</b>	<b>316 254 446,50</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>15 516 869,05</b>	<b>8 712 000,00</b>	<b>-2 453 000,00</b>	<b>-4 349 096,38</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	10 332 770,94	10 803 000,00	10 803 000,00	11 807 918,47
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	151 933,00	0	0	92 336,24
Sum eksterne finansinntekter	10 484 703,94	10 803 000,00	10 803 000,00	11 900 254,71
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	7 279 259,64	8 777 000,00	9 777 000,00	8 406 811,84
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	14 931 287,00	14 946 000,00	14 946 000,00	13 938 497,00
Utlån	128 385,61	0	0	65 100,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>22 338 932,25</b>	<b>23 723 000,00</b>	<b>24 723 000,00</b>	<b>22 410 408,84</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-11 854 228,31</b>	<b>-12 920 000,00</b>	<b>-13 920 000,00</b>	<b>-10 510 154,13</b>
Motpost avskrivninger	19 671 882,00	1 8653 000,00	18 653 000,00	18 628 939,00
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>23 334 522,74</b>	<b>14 445 000,00</b>	<b>2 280 000,00</b>	<b>3 769 688,49</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	4 111 783,04	4 112 000,00	0	3 491 284,49
Bruk av disposisjonsfond	960 000,00	960 000,00	0	1 886 534,50
Bruk av bundne fond	3 743 287,26	3 831 000,00	2 465 000,00	4 132 503,05
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>8 815 070,30</b>	<b>8 903 000,00</b>	<b>2 465 000,00</b>	<b>9 510 322,04</b>
Overført til investeringsregnskapet	946 583,00	947 000,00	740 000,00	670 000,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	4 582 783,04	4 583 000,00	2 464 000,00	4 647 176,49
Avsatt til bundne fond	20 473 308,04	17 818 000,00	1 541 000,00	3 851 051,00
Sum avsetninger	26 002 674,08	23 348 000,00	4 745 000,00	9 168 227,49
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>6 146 918,96</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4111783,04</b>



## Økonomisk oversikt – investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	289 968,00	0	0	2 321 988,57
Andre salgsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	517 010,00	0	0	3 035 876,85
Kompensasjon for merverdiavgift	3 347 216,16	0	0	5 725 576,05
Stallige overføringer	4 580 000,00	3 600 000,00	3 600 000,00	200 000,00
Andre overføringer	0	100 000,00	100 000,00	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>8 734 194,16</b>	<b>3 700 000,00</b>	<b>3 700 000,00</b>	<b>11 283 441,47</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	5 587 88,16	0	0	513 388,24
Sosiale utgifter	134 089,22	0	0	137 329,61
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	19 534 968,44	18 483 000,00	16 163 000,00	29 655 396,40
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	575 065,90	0	0	434 926,40
Overføringer	3 347 216,16	0	0	5 725 576,05
Renteutgifter og omkostninger	163 094,00	0	0	342 958,00
Fordeelte utgifter	0	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>24 313 221,88</b>	<b>18 483 000,00</b>	<b>16 163 000,00</b>	<b>36 809 574,70</b>
<b>Finansransaksjoner</b>				
Avdrag på lån	2024887,75	1 107 000,00	900 000	1 159 862,00
Utlån	5636012,95	4 500 000,00	3 000 000	6 511 836,39
Kjøp av aksjer og andeler	770499	740 000,00	740 000,00	752 679,00
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0	0	0	1 431 332,24
Avsatt til bundne investeringsfond	2192837,42	0	0	230 639,37
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>10624237,12</b>	<b>6 347 000,00</b>	<b>4 640 000,00</b>	<b>10 086 349,00</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>26203264,84</b>	<b>21 130 000,00</b>	<b>17 103 000,00</b>	<b>35 612 482,23</b>
<b>Dekket slik:</b>				
Bruk av lån	19 575 012,95	18 439 000,00	15 363 000,00	22 341 836,39
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	4 055 982,71	900 000,00	900 000,00	1 489 088,86
Overført fra driftsregnskapet	946 583,00	947 000,00	740 000,00	670 000,00
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	85 428,98
Bruk av disposisjonsfond	744 000,00	744 000,00	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	100 000,00	100 000,00	100 000,00	11 026 128,00
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>25 421 578,66</b>	<b>21 130 000,00</b>	<b>17 103 000,00</b>	<b>35 612 482,23</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-781 686,18</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Økonomisk oversikt – balanse

	Regnskap 2015	Regnskap 2014
<b>EIENDELER</b>		
<b>Anleggsmidler</b>	<b>947 343 348,93</b>	<b>910 524 549,87</b>
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	489 440 790,10	482 586 285,72
Utstyr, maskiner og transportmidler	17 072 524,51	19 285 689,01
Utlån	64 439 864,32	63 260 354,14
Konserninterne langsiktige fordringer	-	-
Aksjer og andeler	13 289 100,00	12 518 601,00
Pensjonsmidler	363 101 070,00	332 873 620,00
<b>Omløpsmidler</b>	<b>134 082 544,21</b>	<b>114 397 684,99</b>
Herav:		
Kortsiktige fordringer	19 921 149,68	22 774 865,52
Konserninterne kortsiktige fordringer	-	-
Premieavvik	17 707 725,31	22 301 452,74
Aksjer og andeler	-	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Derivater	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	96 453 669,22	69 321 366,73
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>1 081 425 893,14</b>	<b>1 024 922 234,86</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>	<b>246 511 971,81</b>	<b>212 239 978,97</b>
Herav:		
Disposisjonsfond	21 378 240,65	18 499 457,61
Bundne driftsfond	30 383 727,72	13 653 706,94
Ubundne investeringsfond	22 645 298,42	22 745 298,42
Bundne investeringsfond	4 122 187,64	1 929 350,22
Regnskapsmessig mindreforbruk	6 146 918,96	4 111 783,04
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i inv.regnskap	-	-
Udekket i inv.regnskap	-781 686,18	-
Kapitalkonto	162 815 993,28	151 499 091,42
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	52 669,32	52 669,32
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves)	-251 378,00	-251 378,00
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>790 215 537,25</b>	<b>764 849 653,00</b>
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	445 615 467,00	422 732 408,00
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	344 600 070,25	342 117 245,00
Konsernintern langsiktig gjeld	-	-
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>44 698 384,08</b>	<b>47 832 602,89</b>
Herav:		
Kassekredittlån	-	-
Annen kortsiktig gjeld	43 006 038,08	45 373 362,89
Derivater	-	-
Konsernintern kortsiktig gjeld	-	-
Premieavvik	1 692 346,00	2 459 240,00
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>1 081 425 893,14</b>	<b>1 024 922 234,86</b>
<b>MEMORIAKONTI</b>		
Memoriakonto	6 370 783,76	6 126 072,17
Herav:		
Ubrukte lånemidler	6 370 783,76	6 126 072,17
Ubrukte konserninterne lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	-	-
Motkonto for memoriakontiene	-6 370 783,76	-6 126 072,17



### Serviceorget/Arkiv

Serviceorget har ansvar for sentralbord- og resepsjonsteneste for alle tenestene, politisk sekretariat, postteneste og sentralarkiv, skanning og vidarebehandling av inngående fakturaer, elevskyss i grunnskulen, bustønad og startlån, formidling av landbruksvikarane, saksbehandling knytt til skjenking og sal av alkohol, avlegging av etableringsprøve og kunnskapsprøve om alkohollova m.m.

Mykje ressursar gjekk med til førebuing og gjennomføring av kommunevalet.

Det vart i løpet av hausten lagt ned eit stort arbeid med klargjering av arkivrommet ved serviceorget for montering av rullearkiv.

### Økonomi og personal

Avdelinga yter tenester for dei øvrige delar av kommuneorganisasjonen gjennom rekneskapsoppfølging, systemansvar for Visma Enterprise, personal- og lønsarbeid.

Frå 01.01.15 vart A-melding innført. Det er månadleg innrapportering via Altinn av løns-stillingsinformasjon for alle tilsette. Nytt elektronisk reiserekningsystem, Visma.nett.expense vart teken i bruk frå 01.01.16. Arbeid med innføring av e-handel har ikkje vore prioritert.

### IKT

IKT-tenester blir som før stort sett leverte gjennom Regiondata. Dette set oss i stand til å levere IKT-tenester med høg kvalitet. Drifta har vore stabil med lite nedetid eller andre driftsproblem, men vi ser at nedetid fort skaper frustrasjon i organisasjonen. Stabilitet er difor ein suksessfaktor. I 2015 har vi elles vore gjennom ei betydeleg opprusting av PC-utstyret i administrasjonen, noko som gjer at dei fleste no har godt oppdatert datautstyr til disposisjon.

I skule- og barnehage har vi god funksjon på IKT-utstyr i 5. steg og oppover, men det har vore ein del utfordringar med aldrande Classmate-PC-ar i småskulen. Vi har investert i nytt berbart utstyr til elevar etter at fyrste generasjon av elevar med eigne PC-ar gjekk ut frå 10. Fjerde steg fekk dei gamle PC-ane til tiande før dei får nye maskiner i 2016. Lærarar har 5 år gamle berbare maskiner som fekk forlengta levetida ved hjelp av nye batteri og SSD-diskar i 2014/15. Det er planlagt nye maskiner i 2016/2017. Infrastruktur i skule og barnehagen fungerer i det store og heile bra.

### Informasjon

Informasjonsarbeidet omfattar både ekstern og intern kommunikasjon. Tenesta har m.a. ansvar for utvikling av heimeside, intranett, sosiale medium, trykksaker og anna informasjonsmateriell.

Saman med dei øvrige kommunane i Nord-Gudbrandsdalen vart det søkt om midlar til breibandsutvikling. Det vart løyvd kr. 15,3 millionar. I Vågå er Nordherad området som har prioritet i denne søknadsrunden.

### Vågå bibliotek

Biblioteket i Vågå kommune er regulert av Lov om Folkebibliotek av 20. desember 1985. Lova krev at alle kommunar har eit bibliotek, anten aleine eller saman med andre kommunar. Lova seier vidare at biblioteket skal *fremje opplysning, utdanning og anna kulturaktivitet* ved å stille bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for alle. Målgruppa for Vågå bibliotek er *alle* som bur i kommunen, fast eller for stuttare eller lengre tid. Vågå bibliotek ligg under etat for oppvekst og kultur. Biblioteket blir leia av biblioteksjefen. Vågå biblioteket er organisert med eitt hovudbibliotek i Vågå.

### Personale

Vågå bibliotek har til saman 1,5 stillingar, med biblioteksjef i 100% stilling. Biblioteksjefen har det faglege og administrative ansvaret for bibliotekdrifta. Toril Iversen 50 % stilling som assistent.

Biblioteket er ope for skuleklasser etter avtale.

### Opningstider Vågå bibliotek

Tysdag	Onsdag	Laurdag	Total åpn.tid
12 -19	12 -19	11 - 14	17 timar

### Budsjett og rekneskap

2015	2015
BUDSJETT	905.000
REKNESKAP	920.000

Vågå bibliotek hadde i 2015 eit driftsbudsjett på 905.000,- kroner. Budsjettet låg på omtrent same nivå som tidlegare år. Forbruket er kr 920.000. Overskriding av budsjett kjem av innkjøp av mange nye og aktuelle bøker i 2015.

Utanom lønn, så går det meste av økonomien til bøker, tidskrift, aviser, video, lydbøker og CD-plater.

### Utlån biblioteket

Utlånstala og besøkstala for biblioteket er det som best syner korleis aktiviteten har vore i løpet av eit år. Utlånet har gått opp. Tala for dei tre siste åra fordeler seg slik.

	2013	2014	2015
Besøk	16880	16200	16600
Utlån	17044	16400	17578

### Busetting 2015

Flyktningkontoret har frå august i 2015 vore bemanna med 2 flyktningkonsulentar i til saman 180 % stilling (resterande 20% er vidareføring av Bulystprosjektet). Dette er ei auke på 30% frå 2014.

Tenesta busette i løpet av året 17 personar. Med dette har vi busett 46 personar i inneverande periode for det politiske busettingsvedtaket frå 2013 til og med 2016. I juni 2015 vart det gjort eit politisk vedtak på å auke kvota på busette frå 46 til 48 personar i tillegg til ein familie på inntil 6 personar pluss to einskilde personar utover tidlegare vedtak.

### Litt om utviklinga siste 10 år:

	2004	2006	2008	2010	2012	2013	2014	2015
Busette i året	5	9	8	10	10	17	11	17
Buande, rekna 8 år attende (inkl. barn født etter busetting)	-	26	29	45	58	68	78	80
Sekundærflytta, innan 6 år frå busetting	-	Ca 75 %	-	Ca 35%	-	-	Ca 24 %	Ca 33%
Stillingar i Flyktningtenesta	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	150 %	150 %	180%
Statleg tilskot integrering og undervisning.	Ca 2,9 mill	-	Ca 3,8 mill	-	Ca 7,1 mill	-	Ca 7,3 mill	Ca 12 mill

Landbakgrunn busette siste 10 år: Irak, Iran, Kongo, Somalia, Palestina, Syria, Afghanistan og Eritrea

Vågå kommune gjekk i 2015 med rekneskapsteknisk overskot på 1,6 millionar kr på dette området.

Sekundærflyttinga (tidlegare busette som vel å flytta til annan kommune) var på 12 personar. Busetting / relativt lite sekundærflytting er med å opprettheld folketalet. Gruppa «innvandrarar og busette flyktningar» kjem frå 31 ulike land og utgjør 4,6% av befolkninga i Vågå kommune.

Flyktningkontoret, idretten og kulturskolen har langt på veg lykkast i å gje barn og unge 8 – 18 år minimum eit tilbod om organisert aktivitet på fritida. Grunnskuleelevane har ved hjelp av frivillige også hatt eit godt tilbod om leksehjelp ein gong i veka.

Det har vore eit godt og breitt samarbeide med frivillig-sentralen og einskilde lokale lag og organisasjonar. Barn, unge og kvinner har i fleire år hatt mange ulike fritidstilbod/sosiale møteplasser, og i 2015 har også menn fått utvida fritidstilbod gjennom engasjerte frivillige. Teaterprosjektet Hot Pot er vidareført og førestellinga i 2015 vart så bra at ho skal synast fram rundt om i regionen våren 2016.

Vågå Kommune har teke tak i utfordringa med å gjere introduksjonsprogrammet heilårlig og fulltids. Lovverk, krav og tilsyn er kjente og klare og vi har fortsatt ein veg å gå, m.a. for å koma opp i 37,5 timars veke på alle i programmet. Vidare har vi utfordringar i høve til nok tilgjengelege bustader, kompetansebygging og tverrfagleg tenking. Busetting av flyktningar er fullt av utfordringar. Arbeidet har vore i ei positiv utvikling med tanke på både kvantitet og kvalitet.

## Folkehelse

- Folkehelsekoordinator er leiar av folkehelsegruppa i Vågå kommune, der alle sektorar og Frivilligsentralen er representert. Her blir det teke opp aktuelle saker som gjeld folkehelse, m.a. saker innan kommunen sin status som Trygt lokalsamfunn, t.d. trafikktryggleik, førebygging innan psykisk helse for alle innbyggjarar og skadeførebygging generelt.
- Fysisk aktivitet for vaksenopplæringa, brukarar innan psykisk helse, funksjonshemma og seniorar. Allidrett for barn.
- Drift og vedlikehald av 11 turkasser rundt om i heile Vågå kommune.
- Arrangør av 3 stk ski- og akedagar for barneskulane i Vågå.
- Akedagar i Dompe for alle innbyggjarar i Vågå.
- Kommunen sin representant i Det store Korslaget i 6 K
- Kommunen sin representant i Frisklivsforum i 6 K
- Kommunen sin saksbehandlar innan idrett. Generell oppfølging i høve til Vågå idrettsråd, innan spelemiddel-søknader, kulturmiddel og lokale aktivitetmiddel.
- I arrangørgruppa for Vågå Daga 2015
- Kultur: vere med å arrangere konsertar og aktivitetar, generell oppfølging. Ansvarleg for Minifjellfilm og Vågå ungdomsskule.
- Ansvarleg for Friluftslivets år 2015 i Vågå kommune.

## Frivilligsentralen

Eigar: Vågå kommune  
Dagleig leiar i 100% stilling

### Frivillige

Ein fast stab på om lag 60 personar, men i løpet av året er det registrert i overkant av 100 personar, da mange deltek på enkelttiltak, og ikkje er aktive gjennom heile året.

Sjølv om FS ikkje er pålagt å registrere antal timar, er det likevel ein viktig dokumentasjon på drifta. I 2015 er det registrert ca 8200 frivillige timar. Frivillige sjåførar har kjørt ut 5324 middager og ca 250 bytter med strøsand. Dei har kjørt 17398 km.

### Faste aktivitetar:

- Småbarnskafé med babysang
- Kafé, drifta av lag/org, tysdag og fredag
- Rullatorgruppe
- Gågruppe
- Bøy og Tøy / Sittedans
- Aktivitetsdag,- ulike aktivitetar
- Internasjonal handarbeidskafé
- Skravlegruppe /språktrening for innvandrerkvinner
- Skravlegruppe / språktrening for innvandremenn
- Seniordans
- Matombrining - daglig

- Frivillige på Vågåheimen: Besøk, Bingo, Blomsterdamer, Sang
- Utkjøring av strøsand
- Frivillige på Ting og Tøy-butikken
- Strikking av ull- kleder som i 2015 vart fordelt mellom Frelsesarmeen, Sanitetsforeningens strikkeprosjekt for flyktningar og «Ny start i Øst»
- TV-aksjonen kvar haust
- Markering av Verdensdagen for Psykisk helse i samarb. med tjeneste for psykiatri
- Språkpraksisplassar- og integrering av flyktningar
- Vevstue
- Steinsliping
- Målarklubb
- Svømmeopplæring / bading for innvandrerkvinner
- Leksehjelp for innvandrarar både på grunnskule,- ungdomsskule, og vidaregåande nivå

I tillegg til dei faste aktivitetane, deltek frivillige på ein del tiltak og aktivitetar som er tidsbegrensa.

- Solfest, samarbeid med Vågåheimen
- Skuletur til Grevrusten i Nordherad med VO
- VågåDaga
- DKSS tur til Grotli
- Grillfest med Vågåheimen
- Tur til Lemonsjøen med torsdagsgruppa
- Stand på Traktor rock
- Adventstonar i adventstida
- Julekveld

**Tradisjon tro blir dei frivillige belønna med middag og gode ord. I år var dette lagt til Vågå Hotell 30.09. ca 95 gjester.**

### Viktige hendingar i 2015:

Jorunn Vesterås, som har vore leiar på frivilligsentralen sidan starten i 1992 gjekk av med pensjon 1.oktober. Inger Kari Sæta begynte i 50% stilling 1. april, og tok over som leiar 1. oktober

### Viktige samarbeidspartnere:

Alle etater i kommunen  
Ulike lag/organisasjoner  
Enkeltpersoner  
Andre Frivilligsentraler

### Brukergruppe

Frivilligsentralen har ei brukergruppe som erstatter styret. Dei representerer ulike aktivitetar ved sentralen, skal koma med innspel, og vera aktive pådrivarar i høve ulike aktivitetar.

### Målsetting for Frivilligsentralen:

- Være ein møteplass for alle, uansett livssyn kjønn, alder, etnisitet.
- Være eit supplement, ikkje ein erstatning for det offentlege hjelpeapparatet.
- Oppretthalde eksisterende tiltak.
- Bidra til å ivareta og stimulere dei friske ressursane hjå enkeltmenneskje og lokalsamfunn.
- Rekruttere nye frivillige ved behov.
- Vere open for samarbeid med lag/organisasjonar.
- Igangsetting av av nye tiltak ut frå meldte behov/idear.
- Arbeide for eit godt omdømme.

## Kino

Vågå kino har som hovudmål å tilby innbyggjarane og andre eit godt kinotilbod for barn, ungdom og vaksne. Vågå kulturhus har eit flott amfi som fungerer særst bra til kino.

Lyd- og bilde er av god kvalitet og bør gje alle ei god kinooppleving.

Vågå kino viser film kvar søndag frå september og ut mai.

Vågå kino har avtale med N-kino om programmering av film.

	2014	2015
Tal på kinokvelder (ein film for ungar og ein for vaksne)	28	31
Snitt på publikum pr film	43	44

## Kunst- og kulturformidling

Hovudformålet med tenesta er å tilby innbyggjarane og andre eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod, med vektlegging på oppleving og trivsel, i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale lag og organisasjonar.

Gjennom *Den kulturelle skulesekken* får elevane årlege profesjonelle kunst- og kulturtilbod i ulike sjangrar, tilpassa ulike klassesteg, samstundes som dei blir inspirerte til aktiv deltaking og skaping. Målet er òg å få til lokale prosjekt, gjerne i samarbeid mellom lokale aktørar og profesjonelle kunstnarar.

Å leggje til rette for eit breitt konserttilbod blir vanskelegare og vanskelegare. Honorar og utgifter ved konsertarrangement har hatt ein stor prisvekst som det gjer det vanskeleg å få dette til økonomisk. Vågå kulturhus ligg i så måte i eit skjæringspunkt når det gjeld antal sitjeplassar og billettpris. Ekstra vanskeleg vart det etter at ordninga gjennom Rikskonsertane vart slutt. Her hadde vi fine konsertar til ein minimal pris. Vi merkar og at vi nå er fleire kommunar i området som ynskjer å få dei same arrangementa (konsertar, teater, konferansar m.m.)

Det er eit prioritert mål og leggje til rette for eit rikt lokalt aktivitetstilbod i regi av lag og organisasjonar.

Av arrangement som er arrangert av Vågå kommune og andre, kan blant anna nemnast: Vågåtrefen, Folkemusikktreffen, Kjelkerock, Vågå-daga, Grendafestival i Skogbygda og Skårvangen, Konsert på Hovdaspiggen, Traktor-rock, Fjellfilmfestivalen, Matmesse i Randsverk, Blåhø opp, Lalmsdagen, Jotunheimen Fjellfestival og Besseggenløpet.

	2015	2014
Tal på konsertar og arrangement	18	14
Lokale produksjonar	10	9
Populærkonsertar	5	4
Framande uttrykk	2	2
Profesjonelle arr. for grunnskuleelevane	5	5

Vi har nådd målsettingane vi har hatt innanfor tenesteområdet, men manglar minst to konsertar med klassisk musikk.

## Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa gjeld for flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte med behov for opplæring i norsk med samfunnskunnskap, og for vaksne som ikkje har godkjent grunnskuleutdanning. Dei fleste av elevane følgjer det to-årige introduksjonsprogrammet som busette flyktningar må gjennomføre for permanent busetting i Noreg.

### Elevtal

Elevtalet har halde seg stabilt dei siste åra, og vi har på det meste i 2015 hatt 28 elevar ved Vågå vaksenopplæring. Dette er ei blanding av busette flyktningar, personar som er gifte med nordmenn og arbeidsinnvandrarar.

### Organisering av personale

Frå 1. april 2015 var ikkje Vaksenopplæringa lenger underlagt Vågå ungdomsskule, men vart ei avdeling i tenesteområdet Kultur og Næring. Skuleåret 2015/16 har vi hatt ein administrativ ressurs i 50% stilling (+ 50% undervisning), samt 2,5 årsverk fordelt på tre lærarar.

### Organisering av undervisning

Vi har vald å dele elevane inn i tre grupper, ei for nybyrjarar, ei for vidarekomne og ei for dei som nærmar seg slutten av introduksjonsprogrammet og må ha spesielt fokus på norskprøvene og livet etter introduksjonsprogrammet. Talet på norsktimar aukar år for år, no har elevane 25 timar i veka. Språkpraksis er ein viktig del av programmet, både for at elevane skal bli kjente med norsk arbeidsliv og norsk kultur, for å få jobbtrening og bygge nettverk med tanke på seinare jobbmoglegheiter. I 2015 hadde vi språkpraksisplassar på Vågåheimen, på barne- og ungdomsskulen, på Bokhandel'n

kafé, Veistadhjørnet kafé, Sans frisør, Næringshagen, Frivilligsentralen og på biblioteket.

For å variere skuledagen, har vi også innført fast trenings-tid på det nye treningssenteret på Vågå hotell, og vi har hatt svømming og aktiviteter på Aktivitetshuset.

#### Samarbeid

Vi har eit godt samarbeid med Frivilligsentralen, vi har juleverkstad saman med bygdekvinne, vi hadde eit svært godt samarbeid på Vågådågå sist sommar med internasjonalt mat-telt, og dei frivillige tok ansvar for alle elevane våre ein dag lærarane her måtte på kurs. Det er også dei frivillige som sørger for at dei kvinnelege elevane får svømming og håndarbeidskafé annakvar veke. Vi har også eit godt samarbeid med Lions slik at manlege elevar skal ha eit tilbod og kan skape seg eit nettverk i bygda.

## Vågå kulturskule 2015

### 1) Året som gjekk – viktige hendingar

- Mye fine hendingar på teaterfronten:
  - fjorårets barneteatergruppe held fram med 12 elevar frå 4. – 5. klasse. Dei hadde si første framføring i juni – «den gjerrige grevinna», to framføringer, foreldre og skuleframføring.
  - Teater HOTPOT held fram. Dette er ei teatergruppe med kvinner frå ulike land, ca 50% norske damer. Flott framføring under FN dagen, «ein plass på benken». Gode omtaler. Denne framføringa vart og synt for 8. og 9.årssteg, eit særskildt lydørt og rørt publikum. Vi ser på dette som viktig integrerings- og rasismeforebyggjande arbeid. Og håpar at dette kan vere eit viktig bidrag for skulane i deira arbeid og i framtida. Prosjektet held fram i 2016 med ny framføring til hausten.
  - Ungdomsteateret synte tre framføringer av teaterstykket «Pappa», der og alle ungdomsskulelevane kom. Dei vart stillare og stillare, og gjekk ut etter framføring, svært rørt. Eit dramatisk og trist teaterstykke. Vellukka framføring med gode omtaler.
- Vi heldt fram med samspel blåseprosjekt, i det som skal bli grunnlaget for Vågå skulekorps. Dei har både samspel og gruppetimar kvar veke, til saman 13 elevar. Parallellkjøring med Lalm skule og Vågåmo skule med både gruppetimar og samspeltimar for 3. klassingane. Våren 2015 var 3.klassingane med og spelte i barnetoget 17. mai, for andre året på rad. Veldig populært. Vågå skulekorps er no innmeldt i Norges musikkorpsforbund, NMF, og har danna eige styre. Hausten 2015 var dei på sin første korpstur, korpstreff i Oslo, på Tusenfryd. Stor stas. Alle som starta i fjor held fram.
- Vi held fram satsing på karusell, med to lærarar på kvar stasjon – kvar gong. Dette fungerer veldig bra.
- Elles har vi delteke på mange arrangement, eller vi har

arrangert sjølve større og mindre arrangement. Både store konsertar i kulturhuset, og mange små huskonsertar. Vi hadde og fleire elevar som gjekk vidare til fylkesmønst-ringa i UKM 2015, både på folkemusikk, klassisk musikk, song, kunst, litteratur og foto. Fotografiet representerte Oppland under landsfestivalen i Trondheim. Trekkspellelevane er alltid med på både landsfestival, Vågåtrefen, folkemusikktrefen og Nm i trekkspel. Gode attendemeldingar og plasseringar.

- Kulturskuleturen er eit populært arrangement, med rundt 70 deltakarar, små og store. I år så vi «Tonje Glimmerdal» og «Det merkelege som hende med hunden den natta» på Det norske teateret, samt at vi var på omvising backstage på Den Norske Opera.
- Alle lærarar fekk, etter lang kamp, fast tilsetjing i 2015. Noko av stillinga er fast, medan noko kan variere frå år til år ut frå søkarmassen. Dette var ei stor hending for Vågå kulturskule!
- Vågå kulturskule har no ingen lærar utan solid formell og reell kompetanse. Vi er særskild heldig stilt, med veldig dyktige pedagogar og utøvarar. Ingen sjølvfølge for ein liten kommune i distrikts Noreg.

### • 2) Økonomisk resultat:

Rekneskapa frå 2015 syner eit greitt resultat for kulturskulen. Godt innafor ramma. Dette skyldast mellom anna at det er store lønnsforskjellar blant lærarane, og at søkarmassen blant elevane avgjer kven av lærarane som får større stilling det året. Derfor kan økonomisk resultat år om anna svinge ein del. Samstundes skal det ikkje brukast mot ein lærar at ein ligg høgt mtp lønsplassering. Vi treng godt utdanna og røynde lærarar.

### 3) Andre moment og behov framover

Eg ser helt klart behovet for ei styrka ramme: Vi har ein framifrå teaterpedagog som gjer ein kjempegod innsats i kulturskulen. Tidlegare jobba ho ein 20% stilling som dramapedagog i grunnskulen. Dette arbeidet ønskjer vi at skal startast opp att, og vere ei permanent ordning gjennom kulturskulen. Ho kan gjere ein viktig jobb for både skulemiljøet og for enkeltelevar i Vågå, for det sosiale miljøet, for integrering, samarbeid og trivsel. HotPot-arbeidet bør og gjerast som ei permanent ordning. Det har vist seg å vere veldig vellukka. Bør satse på å nå fleire, mellom anna å syne framføringane for elevane på dei vidaregåande skulane.

Lokalitetar: det er ikkje tilfredstillande slik det er i dag. Halvparten av undervisninga er i dag på Vågåmo skule. Der er vi nærast å betrakte som husmenn. Resten av undervisninga er på aktivitetshuset, eit kaldt, gammalt, slitt hus som treng svært til oppussing. Der rår vi oss rett nok sjølve, og det er godt, men huset trengs å gjerast noko med, ikkje minst utvendig. I tillegg brukar vi og i år «Gemostugu», ved Vågåmo skule som base for noko korpsamspel og for all bandinstrumentundervisning. Dette betrar situasjonen mykje.

Kulturskuleplanen gjekk tom 2015. Det arbeidast med ein ny, sentral rammeplan med fagplan og lokale lærarplaner. Samarbeidsutval og kulturskule må finne ut kva ein da gjer med kulturskuleplanen. Dersom Rammeplanen blir vedtatt i Vågå kommune, kan det hende at det er nok.

## Vågåheimen

Gjennom 2015 har Vågåheimen hatt et sykefravær på 9%. Vi jobber kontinuerlig med sykefraværet. Vår kontaktperson på Nav Anne Hagestande har jevnlege møter med tenesteleiar og TV.

#### Økonomi:

Regnskapsavslutningen viser at Vågåheimen har hatt god kontroll over økonomien.

#### Kompetanseheving:

- Medikamentopplæring
- Brannøvelse x2
- Demenskurs
- Diabeteskurs
- Fagernesseminaret
- Kols- videokonferanse Granheim Lungesykehus (4 ganger x 2 timer)
- Profil opplæring
- Samt mange små kurs

#### Kjøkken:

2015 og forsetter i 2016 med stort fokus på ernæring. Kjøkkenet kjørte ut 6179 middager i 2015.

#### Investeringer:

- Kjøleskap
- Oppvaskmaskin kjøkken og kantina
- Nye bekkenspyler nyleia og G fløya
- Mattraller
- 5 varmetraller til mat
- Utstyr nede på kortidsavdelingen (kjøkkenutstyr)
- Pakkemaskin som brukes å pakke middagsmat

Vågåheimen har hatt 2139 på kortidsdøgn og 407 dagopphold.

## Ungdomskonsulenten

#### Ungdomsarbeid

Hovudmålet for ungdomsarbeidet er å drive helsefremjande, haldningsskapande og målretta arbeid, og å arbeide for at ungdom blir tatt på alvor og sett på som ein ressurs. Bidra til å gje dei reell medverknad og innverknad på eigen kvardag, legge til rette for ulike aktiviteter og tilbod, samarbeide tverrfagleg og regionalt og vere ungdom sin kontaktperson i kommunen. Ungdomskonsulenten er kommunekontakt for Oppfølgingstenesta (OT) i Nord-Gudbrandsdal.

#### Vågå Ungdomsråd

Ungdomsrådet består av 8 ungdomar i alderen 13-19 år.

Ungdomsrådet drøftar både politiske og andre saker av interesse for barn og unge i kommunen. Representantar frå ungdomsrådet blir i blant inviterte til å sitje i ulike kommunale/ikkje kommunale utval og grupper for å sikre ungdom sitt synspunkt på ulike område. Ungdomsrådet har talerett i kommunestyret. I 2015 var Vågå Ungdomsråd vertskap for det fyrste regionale Ungdomsrådstreffet.

#### Ungdomsklubben

Klubben er bygd opp rundt tre grunnleggande mål:

1. Klubben er dei unge sin klubb. Dei unge skal oppleve stor grad av medansvar og medverknad på den daglege drifta, m.a gjennom eit eiga Klubbstyre og ei idékasse.
2. Klubben er ope for alle, dette er ei rasismefri sone og all mobbing er forbode.
3. Klubben er rusfri.

**Dei siste åra har ungdomsklubben fått ein oppblomstring.** Vi ser ei auke i brukarar både i juniorklubb og faste klubbmedtakarar. Både ungdomskonsulent og klubbmedarbeidar har syrgja får at ungdommen står sterkt i Vågå kommune. Klubbtilbodet inneheld også Ungdomsfritidsordning (UFO) for ungdomskuleelvar rett etter skuletid ein dag i veka.

UFO er:

1. Ein møteplass rett etter skuletid for alle som ynskjer å vera ilag med vener
2. Ein stad å gjere lekser saman med andre og få tilbod om leksehjelp
3. Ein stad å få i seg litt mat etter skulen. Vi serverer varm suppe kvar gong og det er mogleg å handle i kiosken.

Ungdomskonsulenten er fast vaksen personale på UFO. Helsesystem har også moglegheit til å koma innom på UFO og vera tilgjengeleg for brukarane. Det er elles lagt til rette for at ungdom frå grendene får nytte vidaregåande bussen heim etter UFO.

#### Natramnane

I 2015 har ungdomskonsulenten vikariert som ansvarleg for Natramnane i Vågå.

#### Deltaking i råd og utval

Ungdomskonsulenten deltek i forskjellige råd og utval i kommuna, for å ivareta dei unges interesser og rettar.

#### Ungdomsarrangement

Villa X-trem vart arrangert for andre gong i 2015. Dette er eit bmx-arrangement for barn og unge i heile regionen. Norges beste utøvarar er instruktørar og arena er VillaParken. Villa X-trem er eit lågterskeltilbod som har vorte svært populært og vil bli arrangert årleg.

**Ungdomskonsulenten arbeider også for auka interesse og kunnskap inna friluftsliv. Det blir arrangert faste overnattingsturar for barn og ungdom vår og haust, samt andre frilufsrelaterte aktiviteter elles i året. Dei faste overnattingsturane har stor oppslutnad.**

# KOMMUNALSJEF I

## Barnehage og skule, Helsetenester, Heimetenester

### Årsmelding for barnehagane Vågå kommune

- Tessand barnehage
- Lalm barnehage
- Søre Grindstugu barnehage



#### Organisering

Vi har tre kommunale barnehagar i Vågå. Lalm Barnehage som har ei avdeling for dei største barna og ei avdeling for dei minste. Tessand barnehage er ein avdelingsbarnehage. Søre Grindstugu barnehage har fire avdelingar; småbarns-avdeling, 5 års-avdeling og to avdelingar med barn frå 3-4 år.

Barnehagane har felles leiging med tenesteleiar og ass. styrar. Tenesteleiar har dagleg ansvar for Søre Grindstugu barnehage, og ass. styrar for Lalm og Tessand barnehage.

#### Økonomi

På grunn av store barnehagegrupper så har vi i Søre Grindstugu og Lalm barnehage tilsett fleire folk det siste året. Dette for å kunne ta inn alle som hadde søkt barnehageplass, og som har rett på plass. Til trass for dette så har vi klart å halde oss innafor budsjettet.

Vi har ei utfordring med at budsjettet vi legg for neste året blir lagt om hausten. Søknadsfristen på barnehageplass er 1.mars, og fyrst da veit vi korleis neste barnehageår vil sjå ut. Andre ting som gjer det usikkert er ev tilrådingar frå PPT og ev flyktningbarn som kan kome til i løpet av barnehageåret, og som kan utløyse behov for fleire tilsette.

Maksprisen er endra etter føringar som regjeringa kjem med. Det er og vorte innført reduksjon i foreldrebetalinga frå regjeringa i 2015 ved at dei har innført gratis kjernetid for 4-5 åringane frå 1.august i familiar med inntekt på inntil 405.000. Korleis dette blir kompensert ute i kommunane er vel enda lite uklårt.

#### Personale

Vi har eit godt, kompetent og stabilt personale i våre barnehagar. Vi har kvalifiserte tilsette i alle stillingar som krev dette. Vi følgje pedagognormen, men har dispensasjon frå denne på 20% på Tessand for hausten 2015.

Vi oppfordrar kvart år dei tilsette til å bytte arbeidsplass mellom barnehagane for å dele kompetanse og erfaring. Vi har hatt ein lærling i våre barnehagar både våren 15 og hausten 15.

#### Vurderingar

Vi har medarbeidersamtalar med alle tilsette kvart år.

Vi har barneintervjua med alle 4- og 5 åringane i barnehagane våre. Dette er ein del av eit større samarbeid med Fylkesmannen og 6K med tema «barn sin trivsel». Spørsmåla våre har vi fått rettleiing på og er kvalitetssikra av Berit Bae og Thomas Nordal. Spørsmåla er delt inn i kategoriar som går på relasjon barn – barn, barn – vaksne, trivsel og vennskap.

Vi gjennomfører to foreldresamtalar med alle foreldre og har 1-2 foreldremøte i året.

#### Trivsel

Barneintervjua gjev oss mykje informasjon om korleis det psykososiale miljøet er i barnehagen, og ut frå svara så vil pedagogane sette inn ev tiltak. Visst ikkje barn trivst og har venner så skal dei få hjelp til dette. Heldigvis har vi så langt fått gode attendemeldingar frå barna, og det gjev oss ein peikepinn på at det blir gjort mykje godt arbeid på dette området i barnehagane våre.

Dette er likevel ikkje nokor sovepute for oss. Får vi mistanke om misstrivsel, plaging eller utestenging så tek vi grep med eingong. Enkelte gonger kan det vera godt å få inn miljøterapeuten til å observere barnegruppa for å sjå på relasjonane mellom barna, og mellom barn vaksen på ein objektiv måte.

Får vi melding frå foreldre på noko som går på det psykososiale så har vi eiga skjema med prosedyrar vi skal følgje.

At alle barna trivst og har venner er det aller viktigaste for oss!

#### Kvalitet og leiging i barnehagen

Frå hausten 2015 arbeidar barnehagane ut ifrå ein felles plattform for leiging og utvikling av kvalitet i barnehagane.

- Tydlege og nær leiging med fagleg autoritet
- Alle barnehagar og avdelingar har same fokusområde og same standard
- Kvar avdeling definerer «beste praksis» og avleverar resultat
- Styrke leiarrollane
- Aktiv medverknad i alle ledd
- Styrka kultur for læring og utvikling

Frå hausten 2015 har fokusområdet vårt vore «matematikk i uterommet». Matematikk har som kjent vore tema dei siste tre åra i barnehagane våre der vi har fått god opplæring av matematikksenteret ved NTNU dei to fyrste åra.

Matematikk i barnehagen er ikkje berre førebuing for vidare matematikk læring. Matematikk i barnehagen har ein verdi i seg sjølv her og nå, og skal byggast på leiken.

Målet er å skape motivasjon, gode holdningar, interesse, nyfikenheit, matematikkglede, samt at barna lærer de grunnleggjande konsept innafor tal, rom og form.



#### Barnetal i 2015

Barnehage;	Vår 15	Haust 2015
Tessand	17 barn – 1 av desse er under 3 år	12 barn – 3 av desse er under 3 år
Lalm	43 barn – 7 av desse var under 3 år	40 barn – 11 av desse er under 3 år
Søre Grindstugu	84 barn – 16 av desse er under 3 år	78 barn – 16 av desse var under 3 år

Søre Grindstugu barnehage hadde hausten barn frå 10 ulike nasjonar. Vi har styrka språk/norsk opplæringa med ein barnehagelærer i 60% stilling.

#### Bygningar og uteareal

Bygningar og uteareal er i bra stand i alle barnehagane, men det er nokre praktiske løysningar som ikkje er optimale. Det gjeld stellerrommet på Lalm barnehage. Dette rommet er ikkje tilrettelagt for førebygging av slitasjeskader til dømes rygg, skulder og armer. Det er meldt inn til teknisk sektor, men rommet må gjerast om.

Assisterande styrar bør ha eige kontor på Lalm barnehage. I dag deler ho kontor med 5 andre. Dette er ikkje tilfredsstillande.

Vi håper å få ferdigstilt uteområdet i Søre Grindstugu i løpet av våren 2016.

Lalm- og Søre Grindstugu barnehage saknar vognskjul.

Elles er arbeidsplassane til barnehagelærarane i Søre Grindstugu ikkje gunstige. Dei sitt på pauserom og møterom, og dette er svært uheldig da det blir mykje uro. Den tida dei har til førebuing og planlegging er nå bunden til arbeidsplassen, men på grunn av lite gunstige og for få arbeidsplassar blir halvparten av denne tida lagt til heimarbeid. Det er også for få møterom i barnehagen, og med mange samarbeidspartnarar som BUP, PPT, habiliteringstenesten, samt foreldresamtaler (70-80 stk. to gonger i året), tolkesamtaler, medarbeidersamtalar m.m. så blir det ofte kollisjonar.

#### Kompetanseheving;

- Nordiske impulsar Oslo våren 15- «fokus på 5 åringane»
- ped.leiare og leiging
- Utematematikk - NTNU
- Småbarnsmatematikk- NTNU
- Felles matematikk dag med NTNU og samt felles avslutning i Lom på matematikk prosjektet våren-15
- «assistentrollen» - to assistentar i Trondheim på kurs hausten 15

- Temakveld; tilknytningsteori– korleis kan vi som profesjonelle utgjere ein forskjell som gjer ein forskjell for barn, Dag Gården – for alle tilsette
- Matkurs gjennom norsk smaksskule- både pedagogar og assistentar
- Leiinga har vore på trafikkurs med Trygg Trafikk
- Kurs i traume og krysskulturell helse hausten 15 - pedagog som arbeider med flyktningbarn og barnehageleiinga

### Utfordringar

Barnehagane har hatt stort sjukefråvær dette året, og det er langtidsjukefråvær som er høgt. Vi har hatt fokus på dette både på planleggingsdagar, kveldsmøter og avdelingsmøter og har teke opp att LANGTIDFRISK tankegangen.

Dei tilsette trivst på arbeidsplassen kjem det fram på medarbeidersamtalene, men føler auka arbeidspress med store barnegrupper.

Målet vårt er sjølvstøtt at langtidsfråværet også skal vere så lågt som mogleg, men enkelte ting i livet kan ein ikkje gardere seg mot.

Tenesteleiar og assisterande styrar har mange arbeidsoppgåver og ei stor personalgruppe, og føler nok litt for ofte at tida ikkje strekk til med å vera nok tilgjengelege for dei tilsette.

Tenesteleiar har ansvaret for samarbeidet 6K barnehage, og møter hjå Fylkesmannen når det er barnehagesaker på dagsorden. I høve nytt delegeringsreglement for Vågå kommune som vart vedteke våren -15 vart tenesteleiar for barnehagane tillagt stor mynde på barnehagefeltet. Tenesteleiar har ikkje funne ut korleis dette skal handsamast da ein ser at det å vera tenesteleiar og det å ha stor mynde byr på utfordringar.

## Lalm skule

### Personalet

Vi har sju lærarar med godkjent utdanning i til saman 5,75 årsverk ved Lalm skule. Etter nokre år med utskiftingar i personalet, har vi nå eit stabilt personale. Vi har to assistentar i 1,6 årsverk. I tillegg har vi merkantil hjelp i 20% stilling. Rektor har 100% administrasjon.

### Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet blant personalet er svært godt, noko medarbeidarundersøkinga 2011, 2013 og 2014 viser. Vi gjer det faktisk betre frå år til år. Vi arbeider bevisst med miljøet blant dei tilsette, og gjer det vi kan for at vi skal trivast i lag. Det er ein føresetnad for å gjere ein god jobb. Vi får dessutan attendemeldingar frå vikarar om at det godt å vere vikar hjå oss.

På Lalm skule tek vi IA arbeid (Inkluderande arbeidsliv) på alvor, og «Langtidsfrisk» er fortsatt på dagsorden.

### Elevtal, grupper og organisering

1. klasse: 7
2. klasse: 4
3. klasse: 8
4. klasse: 11
5. klasse: 16
6. klasse: 6
7. klasse: 6

Vi er ein fådelt skule som har firedeling av gruppene. 1. og 2. steg er ei gruppe, men er delte i lese- og skriveopplæringa. 3. og 4. steg er ei gruppe, delte i ein del av basisfaga. 5. steg er ei gruppe, kroppsøving med 6.-7. 6.-7. steg er ei gruppe, kroppsøving i lag med 5. steg

Vi er klar over at vi er ein fådelt skule som ikkje får fulldelt, men vi nyttar ganske mange timar til nettopp å dele stega. Ut ifrå elevgrunnlaget har vi langt ifrå nok timar til kvar klasse og det er forventa at stega er saman ein del timar. Men i gjengjeld kan vi dra nytte av fordelane av aldersblanda grupper. Slik er kvardagen i ein fådelt skule.

### Resultat

- Elevundersøkinga:
  - God skår på punktet om «Mobbing i skulen»: 4,8 (der 5 er beste resultat)
  - God støtte frå lærar i undervisninga: 4,6 (av 5)

- Nasjonale prøver:
  - Betring i resultatata i engelsk og regning
  - Dårlegare resultat i lesing

- Intensive lesekurs:
  - Kartleggingar i etterkant viser svært god effekt av dei intensive lesekursane som vert gjennomført

### Satsingar

- Skulen er involvert i to spennande pedagogiske undervisningsopplegg. «Med reinen som læremeister» og «Ei reise i Kvennberget» er to satsingar som går rett inn i eit av dei prioriterte satsingsområda til Vågåskulen, nemleg **heilskapleg menneskesyn med sansebasert læring**.
- Lalm skule fortsett med Foreldreskule for foreldra til dei kommande fyrsteklassingane, knytt opp mot satsingsområdet **forpliktande samarbeid heim-skule**. Foreldra sitt engasjement er avgjerande for elevane sitt læringsutbytte.
- **Tidleg innsats** er det tredje satsingsområdet vi jobbar med på Lalm skule. Dei siste par åra har vi hatt eit tettare og meir konstruktivt samarbeid med helsesyster, miljøterapeut og PPT, noko som har kome elevane til gode.

- **IKT** er ein viktig del av skulekvardagen for alle i Vågåskulane. Alle elevar og lærarar har eigen PC som vert nytta aktivt i læringsarbeidet og planarbeidet. Vi legg vekt på nettvett og digital dømmekraft, samt kultur for deling. Infrastrukturen har betra seg ved Lalm skule, og vi får dermed nytta hjelpemidla våre fullt ut. Elles opplever vi svært god brukarstøtte i form av IKT-ansvarleg i Vågåskulane, ressurslærar i 20% og IKT-lærling. Dette er avgjerande for at IKT satsinga skal lykkast.
- Vi delte i den regionale satsinga på matematikk, **Mattelyst**. Vi skal auke motivasjonen for matematikk hjå både lærarar og elevar, og har jamlege samlingar med eksterne forelesarar frå Matematikksenteret. Samlingane er praktisk retta, slik at lærarane kan dra utbytte rett inn i eiga undervisning.
- I samarbeid med Kulturskulen driv vi **korpsopplæring** på 3. steg. Denne musikkundervisninga dekkjer mange av kompetansemåla i Kunnskapsløftet. Vi håpar òg at dette vil føre til rekruttering til korpsmiljøet i Vågå kommune.

### Ny organisering av skuleveka

Innføring av 5-dagars skuleveke for 3.-7.steg har ført til meir forutsigbare skuleveker for elevane, heimane og personalet. Alle elevane på 3.-7.steg får tilbod om leksehjelp eller uteaktivitet to skuletimar i veka. Leksehjelpa som vert gjeve av pedagogar er svært godt nytta. 40 av 47 elevar tysdagane og 26 av 47 elevar torsdagane.

Det er dessutan ein stor fordel at ein får fordelt læringstrykket utover veka, og innføring av 45 minutters økter vert opplevd som positivt av både elevar og lærarar.

### Økonomi

Vi gjer vårt ytterste for å levere ei så god vare som råd. Driftsbudsjettet er skore ned til eit absolutt minimum, og vi kan ikkje gjere investeringar utanom det mest naudsynte. Likevel har vi eit godt undervisningstilbod til elevane våre.



### Utfordringar

- Behov for kompetanse på nokre område (engelsk/matematikk/musikk)
- Sikre nok ressursar til generell styrking, slik at elevane får tilstrekkeleg undervisningstilbod utan å ha spesialundervisning
- Vikarsituasjonen er utfordrande, og det har til tider vore svært vanskeleg å finne kompetente vikarar. Frå hausten 2015 har derimot situasjonen betra seg noko

## Vågåmo skule

«Alle barn har en gnist i seg.  
Alt vi trenger er å tenne den.»  
Roald Dahl



Elevane på 1.steg skuleåret 2015/16.

### Økonomi

Førebels rekneskap for 2015 viser at drifta av Vågåmo skule og SFO har kosta Vågå kommune om lag 17.7 millionar. Dette er innanfor tildelt budsjetttramme.

## Personale

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Årsverk for undervisningspersonale	20,3	23,0	24,3	20,2	19,2
Antall elever per årsverk til undervisning	12,5	12,1	12,9	12,3	12,5
Antall assistentårsverk i undervisningen	4	3	4	4	5
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	60,8	90,4	57,4	53,0	43,3
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	18,1	11,3	15,3	20,0	25,9
Lærertetthet 1.-7. trinn	13,1	12,5	13,3	13,2	12,7
Lærertetthet 8.-10. trinn	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Lærertetthet i ordinær undervisning	16,5	15,7	16,5	17,1	14,7
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	97,4	98,8	100,0	100,0	100,0
Lærertimer som gis til undervisning	13 262	14 355	12 253	12 882	12 730
Undervisningstimer totalt per elev	59	61	58	60	59

## Elevar

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Talet på elevar	223	235	213	214	215
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	14	15	14	15	14
Talet på lærarar	27	29	24	26	26

Vågåmo skule, grunnskole, elevar, lærarar, skolar, offentlig. Alle trinn, begge kjønn.

Med klassar på mellom 27 og 39 elevar, så er det viktig å ha tilstrekkeleg med timar til å dele i mindre grupper etter behov. Dette skaper større fleksibilitet i organisering av undervisning, og gjer også at vi ikkje er så sårbare i periodar med høgt fråvere i personalet.

Ved innføring av full skuleveke for elevane frå 3.-7. steg frå hausten 2014, blir meirkostnaden fyrst sett på rekneskapet for 2015.

Vi brukar ekstra ressursar på to språk- og leserttleiarar, ein reknepedagog (men ikkje skuleåret 2015/16 pga vidareutdanning), prosjektleiar Mattelyst. Vi har om lag eit årsverk i reduksjon av undervisning knytt til våre seniorar.

Vi prioriterer å behalde bibliotekressurs. Om lag 11 % av tildelte lærartimar går til spesialundervisning.

I tillegg har desse elevane assistentressurs både på skule og delvis i SFO.

## Lærartimar:

Årssteg	Elevtal	Veketimar	Grunnressurs
1	35	24	48,00
2	28	24	51,00
3	30	30	62,50
4	35	30	58,50
5	31	30	57,50
6	29	30	63,50
7	35	30	57,50
<b>SUM</b>	<b>218</b>	<b>198</b>	<b>398,50</b>

Kontaktlærarfunksjon/teaml.	3,00	14,00
Administrasjonsressurs		49,40
Kontaktlærar for elevrådet		1,00
Vikarressurs	17,00	0,00
Spesialundervisning/NOA	81,25	48,00
Byrdefull arbeidssituasjon k.l	7,00	15,32
Byrdefull arbeidssituasjon deling	15,32	0,00
Seniortiltak 55+		19,25
Allidrett		0,00
Skulebibliotek	6,00	6,00
Frikjøp ATV		0,50
Leksehjelp	2,00	0,00
Forsterka lesing/rekning (statleg føring)	12,00	14,00
FYSAK	1,5	0,00
IKT-koordinator		0,00
Særskild norskopplæring	21,00	20,00
Særskild morsmålsopplæring		15,60
<b>Samla rammetimetal (ekskl. assistentar)</b>		<b>601,57</b>

## Assistenttimar:

I skulen	186,75
På SFO/merkantilt	36,50
<b>Totalt:</b>	<b>223,25</b>

Tilsettes fødselsår	2013	2014	2015	2016	2017
1946	67	68	69	70	71
1947	66	67	68	69	70
1950	63	64	65	66	67
1950	63	64	65	66	67
1952	61	62	63	64	65
1953	60	61	62	63	64
1953	60	61	62	63	64
1954	59	60	61	62	63
1955	58	59	60	61	62
1955	58	59	60	61	62
1956	57	58	59	60	61
1956	57	58	59	60	61
1956	57	58	59	60	61
1957	56	57	58	59	60
1957	56	57	58	59	60
1959	54	55	56	57	58
1960	53	54	55	56	57
1962	51	52	53	54	55
1963	50	51	52	53	54
1970	43	44	45	46	47
1971	42	43	44	45	46
1972	41	42	43	44	45
1972	41	42	43	44	45

Tilsettes fødselsår	2013	2014	2015	2016	2017
1973	40	41	42	43	44
1974	39	40	41	42	43
1975	38	39	40	41	42
1977	36	37	38	39	40
1977	36	37	38	39	40
1978	35	36	37	38	39
1979	34	35	36	37	38
1981	32	33	34	35	36
1982	31	32	33	34	35
1982	31	32	33	34	35
1983	30	31	32	33	34
1984	29	30	31	32	33
1985	28	29	30	31	32

Som det går fram av oversikta på side 1, så har Vågåmo skule god dekning av lærarar med godkjent utdanning. Vi har god dekning av lærarar med realfag- og kroppsøvningskompetanse, men vi har nå behov for å rekruttere personale i 2.språkspedagogikk og naturfag.

47 % av personalet kjem nå inn under kategorien seniorar (55+). Åtte tilsette tok ut ekstra ferieveke i 2015. Totalt seksten tilsette er 55+, og da med redusert undervisning. Dette utgjør om lag eit årsverk for Vågåmo skule. Blant desse er det mange ressurspersonar på sine område, både innan norsk, engelsk, lesing og grunnleggjande norsk. Dette er kompetanse vi må sørge for å rekruttere. Oversikta øvst på denne sida viser utviklinga og aldersspennet i personalet.

## Elevundersøkinga

	Vågåmo skule (Høst 2015)
Trivsel	4,1
Støtte fra lærer	4,4
Støtte hjemmefra	4,3
Vurdering for læring	3,9
Læringskultur	4
Mestring	4,1
Motivasjon	3,9
Elevdemokrati og medvirkning	3,6
Felles regler	4,5
Mobbing på skolen	4,7
Fysisk læringsmiljø	3,7
Innsats	4,4



### Målbare resultat NP

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16
Engelsk	*	51 (3,9)
Lesing	*	48 (3,5)
Regning	*	48 (2,4)

### Tenesteleiar sin kommentar til utviklingstrekk

#### Generelt

Vi ser at det etter kvart er behov for å vurdere anna type kompetanse inn i skulen, og at skulen med til dømes vernepleiarkompetanse ville kunne møtt enkeltelevar sine behov på ein betre måte enn i dag. Vi ser også at vi i stor grad må bruke av eigne ressursar på å dekkje timar som ikkje er undervisning (tilsyn om morgonen, tilsyn i friminutt, møte på buss, SFO), noko som utgjør mange veketimar på ein såpass stor skule.

#### Tid til leiing

Dette året har vi hatt 200 % tid til leiing fram til 31.8. Frå 1.9. gjekk rektor i permisjon og vi har nå rektor i 100% og assisterande i 75 %. I tillegg har vi auka stillinga til ein lærar med 20%, for at denne skal fungere som spesialpedagogisk koordinator inneverande skuleår. Som eit resultat av ny organisering i Vågå kommune, er merkantil stilling auka til 200%. For Vågåmo skule tilsvara dette ein auke på 40%, slik at vi frå 1.9.har ein total merkantil stillingsprosent på 100. Dette gjer at kontoret er bemanna kvar dag frå 07.30-15.00. Vågåmo skule har vore gjennom store organisatoriske endringar, og det har vore utskifting både i leiing og i personalet elles. Skulen har, gjennom bevisst satsing, fått større del mannlege lærarar. Dette betyr at vi dette skuleåret har brukt mykje tid på å finne retninga vi vil gå, og gjera dei vegvala vi ønskjer for å koma dit. Vågåskulen er inne i spennande utviklingsarbeid som tek både tid og krev ressursar. Auka tid til leiing skulle gje leiinga rom for å følgje opp den enkelte tilsette på ein annan måte enn tidlegare, og gjera at vi i større grad dreiv pedagogisk leiing med fokus på den gode undervisningspraksisen. Samtidig ser vi at det etter kvart blir stilt større krav til å løyse administrative oppgåver, og der vi må dokumentere meir enn før. Omorganisering elles i kommunen er svært merkbart for oss, da fleire arbeidsoppgåver blir delegert ut.

### Erfaringsdeling

Vi legg til rette for større grad av fagleg deling i personalet. Det betyr at lærarar nå skal dele god undervisningspraksis med kvarandre både på team, på tvers av team og på tvers av skular. Det er viktig å rydde tid for felles refleksjon, noko vi har hatt fokus på dette skuleåret. Leiinga har tydelege forventningar om at vi skal vekk frå privatpraksis og dra i felles retning.

Vi ser vi langt kome med dette og har nå i stor grad ein kollektiv læringskultur/kollektivt læringsarbeid.

### Utfordringar

#### Kulturskuletilbod i skuletida

Vi har nå i tre år prøvd ut ei ordning der elevar blir tekne ut av ordinær undervisning for å ha song eller instrumentalopplæring. Vi ser at vi slit med å finne gode ordningar, fordi elevar går glipp av undervisning og mistar kontinuiteten. Vi har god dialog med kulturskolen om dette, men ser at det er grenser for kor mykje vi får inn i ein full skuledag og kor fleksible vi klarar å vere når det gjeld undervisningsrom.

#### Rom og personaldisponering

Delingstimar skaper utfordringar med rom der det er behov for å dele klassar i mindre grupper. Vi har nå mange elevar med spesielle behov for ulike typar tilrettelegging, noko som gjer rom- og personalsituasjonen vår mindre fleksibel.

#### Vikarutgifter

Store satsingar som gjer at mange til ei kvar tid er borte på kurs gjer vikarbehovet på ein så stor skule stort. I tillegg til fråvere knytt til politiske verv og seniorferie blir dette ein betydeleg utgiftspost for skulen.

Stutt oppsummert er hovudutfordringane for Vågåmo skule:

- Å sikre nok ressursar til generell styrking, slik at vi kan halde talet på elevar som skal ha spesialundervisning nede.
- Å rekruttere gode morsmålslærarar/tospråkleg opplæring.
- Å få til eit godt nok fagleg og sosialt opplegg for nykomne elevar.
- Romkapasitet i fht storleik på elevgrupper og spes.ped.behov enkeltelevar.

## Vågå ungdomsskule

### Økonomi

Rekneskap for 2015 syner at drifta av Vågå ungdomsskule kosta Vågå kommune 13,5 millionar. Dette var innanfor tildelt budsjett-ramme.

### Undervisning

#### Skoleporten

Enhet: Vågå ungdomsskule  
Grunnskole, alle trinn, begge kjønn



Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Vågå ungdomsskule					
- Talet på elevar	147	131	138	140	140
Vågå ungdomsskule					
- Talet på lærarar	25	20	21	21	22
Vågå ungdomsskule					
- Antall elevar per årsverk til undervisning	8,9	9,9	10,6	10,5	9,4
Oppland fylke					
- Antall elevar per årsverk til undervisning	11,2	11,2	11,3	11,2	11,3
Vågå ungdomsskule					
- Lærertetthet 8.-10. trinn	11,7	13,0	13,9	13,9	12,6
Oppland fylke					
- Lærertetthet 8.-10. trinn	13,1	13,2	13,4	13,4	13,4
Vågå ungdomsskule					
- Undervisningstimer totalt per elev	74	66	62	63	69
Oppland fylke					
- Undervisningstimer totalt per elev	64	64	63	63	63

Som ein ser av oversikta, har talet på elevar per årsverk til undervisning gått ned og undervisningstimar totalt per elev auka i 2015. Dette har si forklaring i at vi har fått fleire elevar med spesielle behov.

### Utstyr/læremiddel/inventar

Det vart i 2015 fullført innkjøp av nytt læreverkk i matematikk. I tillegg vart det kjøpt inn nytt læreverkk i KRLE for 8. årssteg og i norsk for 8. og 9. årssteg. Det er fleire læreverkk som er modne for utskifting, men vi ventar på at forlaga har klare oppdaterte læreverkk. Elles merkar skulen at innføringa av valfag har ført med seg auka kostnader til utstyr og transport.

### Personale

#### Stabilitet, kompetanse m.m.

#### Skoleporten - Med godkjend utdanning

Enhet: Vågå ungdomsskule  
Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	91,2	100,0	100,0	97,4	100,0

Som oversikta viser, har ungdomsskulen god dekning av lærarar med godkjent utdanning.



Skulen har hatt god dekning av lærarar med realfag- og kroppsøvingskompetanse. Dei nye kompetansekrava som kom i 2015 har endra dette noko. Det er no krav om at lærarar som underviser i ungdomsskulen skal ha minimum 60 studiepoeng i norsk, engelsk og matematikk. I øvrige fag er kravet minimum 30 studiepoeng utanom i arbeidslivsfag og valfag – her er det ingen krav til formell kompetanse.

#### Skoleporten - Årsverk

Enhet: Vågå ungdomsskule

Grunnskole, Årsverk

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Årsverk for undervisningspersonale	18,9	15,2	15,0	15,2	16,7

#### Elevar

	Trinn	2010-2011	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Vågå ungdomsskule	Alle	152	147	131	138	140	141
Vågå ungdomsskule	Trinn 8	50	42	40	56	42	43
Vågå ungdomsskule	Trinn 9	56	50	41	41	56	42
Vågå ungdomsskule	Trinn 10	46	55	50	41	42	56

#### Elevalsutvikling

Årets 10. trinn er det siste store årskullet. Heretter vil årskulla liggje på mellom 35-45 elevar så langt framover som ein har oversikt.

#### Timetalsressursar

Timebruk ved Vågå ungdomsskule ved skulestart hausten 2015	2013 (45 min.)	2014 (45 min.)	2015 (45 min.)
Grunnbemannning	180	180	180
Deling	45	48	56
Styrking	30	30,5	45
Spesialundervisning	23,5	26	41
Grunnleggande norsk	*5 av timane er brukt til fagleg støtte	10	15*
Morsmålsopplæring	0	0	0
Lesekurs, lesestimulering	9	8,5	9
Kontaktlærer	10	8	10
Teamleiar	6	3	3
Assistent	31,6	36	44
Fysisk akt	3	3	3
Vikarressurs	6	8	7,5
Administrasjonsressurs	*(20% IKT-prosjekt og 30% administrasjon VO i tillegg)	29,9*	29,9*
Rådgevar/sosiallærer	5	5	6
Byrdefull ressurs 9,5t	Fordelt på ulike funksjonar/styrking	0	0
Skulebibliotek/læremiddelsamling	5	5	5
Elevråd/trafikk	1,5	1,5	1,5
Matematikkprosjekt/IKTprosjekt	2,66	2,66	2,66
Seniortillegg	7,4	7,2	6
Organisasjon	0,5	0,5	0,5

Vi har dei neste åra behov for lærarar med godkjent kompetanse i framandspråk, norsk og spesialpedagogikk. I tillegg har vi ein del fast tilsette lærarar som vil ha behov for vidareutdanning for å få godkjent formell kompetanse i dei faga dei underviser i. Dette gjeld m.a. i faga norsk, matematikk, kroppsøving, kunst og handverk og mat og helse.

#### Rammetimetsbruk

Skulen har valt å styrke kontaktlærarfunksjonen på 8. årsteg frå hausten 2015 på grunn av ein god del ekstra skule/heim-samarbeid på dette steget knytt til enkeltelevar.

#### Bygningar og uteareal

##### Vurdering av bygningsmassen og utearealet

Skulebygget blir i det dagelege teke godt vare på gjennom ei velfungerande vaktmeistereneste.

Skulen har gjennom fleire år hatt eit akutt behov for utskifting av ljosarmatur i undervisningslokala, da desse gjev frå seg ein plagsom støy. Dette arbeidet vart starta opp sommaren 2015, med utskifting av ljosarmatur på klasse- og grupperom i 2. etasjen. Utearealet treng sårt ei opprusting, både med tanke på trivsel og aktivitetstilbod.

Bygningane dekkjer stort sett dei behova skulen har. Det vart i 2015 gjort grep for å betre situasjonen med arbeidsplassane til lærarar og assistentar. Alle tre teama har fått to rom med dør mellom. Dette har ført til betre plass for den enkelte og fleire arbeidsplassar på kvart team. Det vart kjøpt inn nytt kontormøblement til dei nye teamromma i 2. etasjen. Det er behov for utskifting av møblement på dei andre teamkontora også. Det som er av møblement der i dag er gammalt, sliti og til dels upraktisk. Det same gjeld også administrasjonskontora.

Branntilsyn ved skulen hausten 2015 viste også at det er behov for utskifting av nokre brannrør, da fleire av dei vi har ikkje tilfredstiller dagens krav til brannrør. Skulen manglar for tida eige musikkrom. Dette blir løyst gjennom sambruk med barneskulen.

#### Utført vedlikehald

Ut over det som er nemnt ovanfor, har det ikkje vore utført omfattande vedlikehald på bygningane siste året. Det er m.a. behov for overflatebehandling utvendig (beising).

#### Satsingsområde/utviklingstiltak

- IKT-satsinga gjennom dei siste åra, har ført til at alle elevane på ungdomsskulen no arbeider på PC som dei også har med seg heim. Alle klasserom har digitale tavler, og skulen har tilgang til ein del læringsressursar som ligg på nett.

#### T14 = Digitale ferdigheter

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Snitt
På skolen lærer jeg å være kritisk til informasjon jeg finner på Internett	28	41	32	18	3	3,6
På skolen lærer jeg å tenke over hvordan jeg bruker informasjon fra Internett	30	43	32	13	5	3,7
På skolen bruker vi digitale verktøy for å lære (digitale verktøy er for eksempel datamaskin, nettbrett og interaktiv tavle).	93	15	6	-	-	4,6

- Det er brukt ekstra ressursar på lesereitleiar som driv kartlegging av leseferdigheiter og gjennomfører intensive lesekurs. 8. og 9. trinnet blir prioritert. I tillegg blir det brukt ressursar på andre lesestimuleringsiltak.
- Alle elevar får 30 minutt ekstra fysisk aktivitet to gonger i veka som eit helseførebyggande tiltak. Vi har fått midlar frå Sparebankstiftelsen gjennom prosjektet *Aktivt sinn, aktiv kropp*, som har blitt brukt til innkjøp av ein del FYSAK-utstyr.

#### Kompetanseheving

- Skulen hadde våren 2015 to lærarar som tok vidareutdanning – ein i andrespråkspedagogikk og ein i matematikk. Både to kom inn under ordninga *Kompetanse for kvalitet* som gjer at permisjonsutgiftene blir dekte av staten. Hausten 2015 hadde vi ingen på vidareutdanning.
- Det har vore brukt tid på planleggingsdagar og fellestid til kompetanseheving i IKT.
- Skulen har i heile 2015 vore med i den regionale satsinga *Mattelyst*. Denne blir avslutta våren 2016.

#### Elevundersøkinga

##### Skoleporten - Elevundersøkinga


Enhet: Vågå ungdomsskule  
Grunnskole, elevundersøkinga, trinn 10

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	Nasjonalt 2014-15
Trivsel	3,7	3,9	4,2
Støtte fra lærerne	3,8	4,0	4,0
Støtte hjemmefra	3,5	3,4	3,9
Faglig utfordring	4,1	4,4	4,2
Vurdering for læring	3,0	3,1	3,2
Læringskultur	3,5	3,7	3,7
Mestring	3,9	3,9	4,0
Motivasjon	3,0	3,4	3,5
Elevdemokrati og medvirkning	3,0	3,1	3,2
Felles regler	3,7	3,8	3,8
Mobbing på skolen	1,2	1,3	1,2
Utdanning og yrkesveiledning	4,0	4,0	3,8



Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som blir gjennomført kvart år. Her får elevane seie meininga si om læringsmiljøet og dei tilhøva som er viktige for å lære og trivast på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat for alle indeksane unntake mobbing. Når det gjeld mobbing, vil låg verdi seie lite mobbing.


**Målbare resultat**  
**Nasjonale prøver**  
**8. steg**



Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Engelsk >	x	x	x	46 (3,2)	46 (2,7)
Lesing >	x	x	x	48 (3,5)	44 (3,0)
Regning >	x	x	x	45 (3,0)	46 (2,8)

Vågå ungdomsskule, Grunnskole, Nasjonale prøver, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

**9. steg**



Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Engelsk	x	x	x	x	x
Lesing >	x	x	x	49 (2,7)	50 (3,7)
Regning >	x	x	x	52 (2,9)	50 (3,7)

Vågå ungdomsskule, Grunnskole, Nasjonale prøver, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

**Eksamen**

Engelsk skriftlig eksamen	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015
Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,7	3,7
Vågå ungdomsskule	-	3,1	-	3,4	-

Matematikk skriftlig eksamen	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015
Nasjonalt	3,1	3,1	3,1	3,0	2,9
Vågå ungdomsskule	3,2	2,8	3,2	2,7	2,3

Norsk hovedmål skriftlig eksamen	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015
Nasjonalt	3,5	3,4	3,4	3,4	3,4
Vågå ungdomsskule	3,1	3,1	3,3	-	-

Norsk sidemål skriftlig eksamen	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015
Nasjonalt	3,2	3,3	3,2	3,1	3,1
Vågå ungdomsskule	3,1	3,3	3,4	-	-

### Grunnskulepoeng

#### Skoleporten - Grunnskulepoeng

Enhet: Vågå ungdomsskule

Grunnskole, Grunnskulepoeng

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Vågå ungdomsskule	41,0	36,2	39,8	39,4	38,2
Oppland fylke	39,4	39,6	39,6	39,7	40,2
Nasjonalt	39,8	39,9	40,0	40,3	40,7

### Utfordringer

- Sikre nok ressursar til generell styrking, slik at vi kan halde talet på elevar som skal ha spesialundervisning nede.
- Få på plass nødvendig kompetanse i enkelte fag jamfør dei nye kompetansekrava.
- Få inn kompetanse i framandspråk og spesialpedagogikk.
- Morsmåslærar/tospråkleg fagopplæring.
- Fornyng av lærebøker som er utslitne eller utdatert på grunn av endringar i læreplanane.
- Vi har, og vil framover, få elevar med spesielle behov. Vi ser at ein vernepleiar ville kunne tilført oss ønskt kompetanse i arbeidet med denne elevgruppa.



Lemonsjø alpinsenter.

## Heimetenesta

### Heimesjukepleia - heimhjelp

Heimetenesta har ei stabil og fagleg dyktig personalgruppe, som likar utfordringar. Arbeidsdagen er uforutsigbar, fagleg utfordrande – ofte med akuttsituasjonar som krev at personalet kan arbeide sjølvstendig og ordne opp i situasjonane.

### Nye arbeidslokale februar 2015

Heimetenesta flytta inn i nye, ljose, fine og funksjonelle lokale i «gamle helsesenteret». Har nå god plass og gode arbeidsforhold, dette opplevast positivt for både fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Vi hadde arbeidsdugnad på flyttinga og har fått budd oss til og fått eigarforhold til våre nye lokal. Opplever det og svært positivt og vere samlokalisert med ergo- og fysioterapitenesta.

**Sjukefråværet** har auka i 2015. Det grunna langtidssjukefråvær i høge stillingar. Fråværet kan ikkje relaterast til arbeids-situasjon/arbeidsmiljø. NAV-Arbeidslivssenter har vore inne på personalmøte okt. 2015 – ny situasjon i personalgruppa med høgt sjukefråvær – fokus på «oppgåvebank» - for sjuk-meldte/langtidssjukmeldte.

	2013	2014	2015
Sjukefråvær	4,7%	5,2%	9,5%

### Kurs:

Tenesta har stor nytte av **Videokonferanseutstyr** både i forhold til kurs og samarbeidsmøter med aktørar utanom kommunen.

Det har vore avhalde kurs med forskjellig fagtema gjennom året, både som videokonferansar og reine kurs.

### HEIMESJUKEPLEIA

År	Antal brukarar	Antal oppdrag	Ekstra oppdrag
2014	122	38453	1579
2015	145	38675	1315

### HEIMEHJELP

År	Antal brukarar	Antal oppdrag
2014	83	2414
2015	99	2388

### STØTTEKONTAKT

År	Antal brukarar	Timer pr/veke-snitt/brukar
2014	47	141 t/veke - 3t/veke i snitt
2015	51	212 t/veke - 4t/veke i snitt

### Vikarar

Har i fleire år slite med å få nok kvalifiserte søkjarar som ferievikarar. Sommaren 2015 fekk vi rekruttert nye vikarar som har vore brukt som sjukevikarar gjennom heile året. Det har gjort tenesta mindre sårbar i høve sjukefråvær/ferieavvikling.

### Opna ny korttidsavdeling juni -15

Stor pågang på korttidsplasser etterjuls vinteren -15 med kjøp av plasser i Lom, Skjåk og NGLMS. Fekk styrka bemanning i heimetenesta med 1 årsverk. Dekke A-vakt laurdag og søndag kvar helg – resterande til styrking av bemanning på dagtid. Avdelinga organisert som ei avdeling under Vågåheimen, Heimetenesta drifrar avdelinga med personell.


### Målsetting for korttidsavdeling og brukargruppe:

«Heimebuande, korttidsopphald/avlastning – trygge brukarar, avlaste pårørande. Lette arbeid i heimetenesta i forhold til avstand, oversikt på brukar som av ein eller annan grunn ikkje kan vere heime – førebygge langtidssopphald. Samarbeide med Vågåheimen på kveld og natt, brukarane må kunne bruke ringesystemet og vere så sjølvstendige at heimetenesta kan utføre oppdrag på bygda i tillegg til avdelinga.»

Antal liggedøgn avd.: 831 døgn

### Elektronisk meldingsutveksling


Her er tal på meldingar til og frå pleie/omsorg i Vågå i 2015, sortert på meldingspartner:



Dei nøyaktige tala:	Inngående	Utgående
Sykehuset Innlandet HF	1204	455
Helsesenteret i Vågå	622	220
NAV vederlagstrekk	42	42
Haugøy legekantor	51	14
Oslo Universitetssykehus HF	15	3



## Meldingar pr. år (Plo, Vågå):



	Inngående	Utgående
2012	24	25
2013	185	156
2014	1861	833
2015	1934	811

Har god nytte av elektronisk meldingsutveksling både i samarbeid med legekontor, sjukehus og interkommunalt i 6K.

### Prosjekt UTH (Undervisningsheimeteneste) – avslutta for Vågå sin del 31.12.15.

Vågå Kommune valte å vidareføre TPS-prosjektet som ein del av UTH i 2016 – finansiert TPS-rettleiar.

**Tildelingskontor:** Tett og godt samarbeid med tildelingskontor. Viktig samarbeidspart for all organisering og planlegging av tenester. Samarbeider og avklarar oppgåver i det daglege i tillegg til planlegging og oversikt framover i tenesta.

### Teneste for funksjonshemma (TFFH)

Tenesta består av 4 einingar – 3 bustader og eit dagtilbod for demente og funksjonshemma. Arenaene på dagtilbodet er adskilte.

I tillegg til det eksisterande tilbodet, har heimerettleiing og bruk av PA (personleg assistanse) komme som eit supplement til eksisterande tenestetilbod. Dette er eit tilbod som grenser mellom heimehjelp, heimesjukepleie og miljøarbeid. Det blir ytt av heimehjelp, miljøarbeidarar og miljøterapeutar da brukarane treng bistand til opplæring og trening for å bli sjølvstendige i egen heim.

Etablering og organisering av tilbodet PA er fortsatt i startgropa, men vil vere ei stor utfordring i åra framover – både korleis det skal vere organisert og ikkje minst økonomien i det.

### Gjennomgang av vedtak hausten 2015

Sødermann Rådgivning AS var inne og såg på kartlegging og vedtak i helse og sosialsektoren.

Antal vedtakstimar i tenester for funksjonshemma står nå i samsvar med brukars behov.

	Timer i bemanning/år:	Timer i vedtak/år:
2014:	80.187,12	85.922,96
2015:	85.303	85.518

### Medarbeidar - og brukarundersøking:

Det har ikkje vore gjennomført medarbeidar- og brukarundersøking i 2015.

### Ros analyse (Risiko – og sårbarhetsanalyse)

Det har vore gjennomført i 2015 i forhold til branntilsyn.

### Sjukefråvere:

	År 2013	År 2014	År 2015
Sjukefråver	6,9%	12,2%	7,6%

2014 var eit år med mykje tunge og alvorlege sjukdommar i tenesta.

I 2015 har dette betra seg noko, men nokre av dei som var sjuke i 2014 er det fortsatt. Dei fell utanom statistikken her.

Målet om nærvær er ikkje nådd, men tenesta er på god veg.

### Økonomi:

	År 2013	År 2014	År 2015
Forbruk i %	102%	103%	96,5%

Året 2015 var eit godt økonomisk år for tenesta der sluttresultatet vart ei innsparing på kr 1,0 mill.

### ENDRING I ANTALL BRUKARE som bur i bustad med heildøgns tilsyn:

Antall brukarar:	Em	Ft	Mv	Endring +/-
2012	8	12	4	-1
2013	8	11	5	-1
2014	8	10	4+1	-2
2015	8	10	4+1	-2

TFFH har ved utgangen av 2015 – 2 ledige bustader.

Avlastningsleilegheita er fortsatt i Moavegen bufellesskap.

### HELSETENESTER 2015

Vågå helsetenester ynskjer å tilby eit heilskapleg helsetilbod til alle kommunens innbyggjarar. I eit tverrfagleg miljø, yter vi oppdatert, kunnskapsbasert helsehjelp lokalt og i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Vi vil og fremme bevisstgjerjing og kunnskap om helse hjå individ og i lokalsamfunn, med respekt og omsorg for enkeltmenneske.

### LEGETENESTE:

Det har vore stabil legedekning. Ein lege ute i 1 års permisjon frå juni 2015. Fast vikar deler av permisjonstida. Legane har i tillegg til pasientretta verksemd, ansvar for tilsyn Vågåheimen og Skule- helsestasjons teneste, samfunnsmedisinske oppgåver. Turnuslege 2 gonger i året. Legestudent 2 gonger i året. Stabil dekning av hjelpepersonell, knappe ressursar. Sårbart ved fråvær og sjukdom. Frå 1. september nytt naudnummer: 116117.

Sjukefråvær: Totalt sjukefråvær 2015: 3,10%.

Det er i 2015 registrert: 8967 konsultasjonar, 6090 reseptbestillingar utan konsultasjon, 230 sjukebesøk. 1954 telefoner med kommune helsetenesta.

### FYSIOTERAPITENESTA:

Fysioterapiavdeling i kjellaren på Vågåheimen. 2 stillingar. Kvar stilling: 70% privatpraktiserande og 30% fastlønna. Rehabilitering og opptrening av pasientar etter skade og sjukdom, samt opptrening av pasientar med funksjonsfall grunna inaktivitet og aldring, både på institusjon, poliklinisk og der det er naudsynt i heimen til pasienten.

Vågåtrimmen: 2 heile stillingar, privatpraksis. Tek imot pasientar til undersøking, behandling og rehabilitering på henvisning frå lege.

Fysioterapeut for barn og unge (0-18 år) 100% stilling. Undersøking, vurdering, behandlingstiltak ved motoriske vanskar og ulike diagnosegrupper. Oppfølging av barn i barnehage og skule, samt rettleiing av personalet. Tett samarbeid med helsesystemer.

### ERGOTERAPITENESTA:

Kommunen har ei 90% stilling i ergoterapitenesta. Tenesta kan hjelpe folk som har ulike typar aktivitetstvanskar i det daglege liv. Arbeidsoppgåvene omfattar i hovudsak trening av daglegdagse aktivitetar, og formidling og tilpassing av tekniske hjelpemiddel. Ergoterapeuten er kommunens syns- og hørselskontakt.

I 2015 vart 899 hjelpemidlar utlevert i Vågå kommune, til ein samla verdi på 1,9 mill. kr.

### PSYKISK TENESTE:

Antall tenestemottakarar /kjønn og alder:  
Totalt antall i behandling: 119 stk.  
Kjønnsfordeling: 77 kvinner og 42 menn.

Alder:

- 18-30 år: 32
- 31-49 år: 30
- 50-66 år: 29
- 67-74 år: 12
- 75-79 år: 11
- Under 18 år og over 80 år: 5

Dagtilbod:

- Vågåtrimmen/Vågå treningscenter og turgruppe: 12
- Aktivitetsdag Smiulykkja, Frivilligsentralen/ Gammelstuggu: 19
- Individuelle behov: 9
- Mental Helse Vågå, Lom og Skjåk (brukarorganisasjon) : Samarbeid mellom psykisk helse og Mental helse Vågå, Lom og Skjåk i Kommunalt Samarbeidsutval. Legge til rette for møteaktivitet i Vågå. Benytte Frivilligsentralen på dagtid. Pga. sjukdom har aktiviteten vore låg. Målet er å arbeide vidare med dette samarbeidet.

### Verdensdagen for psykisk helse:

Heil dag med psykisk helse på Ungdomsskulen. Ope kveld i Kulturhuset. Markering på Frivilligsentralen på dagtid. Samarbeid med Helsestasjon, Skule, Frivilligsentral og Sanitetsforening. Tema: Vold i nære relasjonar.

### Flyktninger:

Vi informerer om psykisk helse som ein del av introduksjonsprogrammet saman med helsesøster.

### Kvalitetssikring:

Plan for psykisk helse og rus blei godkjent og arbeid med handlingsplan/prosedyrer i tilknytning til denne ble påbegynt. Samarbeid med alle 6 Norddalskommunene.

### HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTA:

Målet for tenesta i 2015 var å fylgje anbefalt program i det helsefremjande og forebyggjande arbeidet i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Det er utarbeidd egne prosedyrer for tenesta. Utfordringar i samband med målnåing har mellom anna vore: grunna sjukmelding i tenesta vart delar av 3. stegs undersøkinga utsett på årshjulet, men gjennomført. Flyktningarbeidet vart utsett. Fast kontortid på barneskulen gjekk ut. Oppfølging av føresette som hadde byrja med foreldreveileiingsprogram (TIBIR) vart utsett over svært lang tid. Vanleg intervall for oppfølging er ca. 1 veke. Frå hausten 2014 vart helsesøsterressursen redusert. Det vart ikkje sett inn vikar når tilsette er sjukmeldt over lengre perioder. I tillegg til anbefalt program ønskte tenesta å ha gruppetilbod til individ i målgruppa med tanke på sepsifikke tema som trivselsgruppe for å auke meistring og sosial inkludering. Målet er nådd. Tenesta hadde som mål i 2015 å gjennomføre foreldreveileiingsprogrammet COS-p (Circle of security parenting). God oppslutning og gode attendemeldingar på tiltaket. Målet vart nådd.

Grunna sjukmelding vart fagleg oppdatering for fleire av dei tilsette ikkje prioritert i 2015.

Sjukefråvær: Totalt sjukefråvær helsestasjonstenesta 2015: 8,6%

# KOMMUNALSJEF II

## Tekniske tenester, NAV, Skatteoppkrevjar

### Teknisk

Sektor for tekniske tenester yter service til heile kommunen i form av varer og tenester. Drift og vedlikehald av vegar, bygg eller kommunale grøntområde er viktig for å kunne yte gode tenester og for at det skal bli triveleg for innbyggjarane og dei tilsette i kommunen. Sektoren skal legge til rette for at folk flest får utført bygg- og anleggsarbeid i samsvar med lover og forskrifter.

### Byggesak/tilsyn

Hovudmålet for tenesta er å leggje til rette for at bygg og anlegg blir utført i samsvar med lover, forskrifter og planar. Kommunen skal yte god service og drive effektiv saksbehandling med høg kvalitet.

I 2015 vart det behandla totalt 167 saker innanfor området. Fordeling av ulike saker går fram av tabellen nedanfor:

År	2015	2014	2013	2012	2011
Byggesaker	127	130	126	141	183
Frådelingssaker	18	11	18	19	17
Utsleppssaker	8	7	6	9	13
Andre saker	14	16	39	5	7
Totalt	167	164	189	174	218

Saksbehandlingstida for byggesaker held seg godt innanfor dei lovfesta tidsfristane. Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 12 vekers frist: 14 kalenderdagar. Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 3 vekers frist: 9 kalenderdagar

### Felles tilsynsteneste i byggesak 2015

Kommunane Sel, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk samarbeider om tilsynsteneste i byggesak, gjennom vertskommuneavtale gjeldande frå og med 2014, der Vågå er vertskommune og dei fire andre kommunane er samarbeidskommunar.

Overordna mål for tilsynstenesta er i fyrste rekkje å sjå til at byggetiltak i kommunane blir gjennomført i samsvar med Plan- og bygningslova (Pbl) og gjevne løyve. Kommunen skal føre tilsyn i slik omfang at den kan avdekke regelbrot. Kommunen skal føre tilsyn ved allereie gjevne pålegg og når den blir merksam på ulovlege, ikkje bagatellmessige forhold. Kommunen skal også føre tilsyn med særskilte forhold etter nærare forskrift frå departementet (Pbl § 25-1). Tilsynet skal bidra til betre bygg, ved å sjå til at foretaka gjennomfører hensiktsmessig dokumentert kontroll. Ved å utføre tilsyn, vil ein sjå til at ansvarlege foretak har system for, og utfører den kontrollen dei er pålagt i høve plan- og bygningslova. Sett i ein større samanheng vil utstrakt tilsynsverksemd bidra til å redusere dei samfunnsmessige kostnadene som følgje av byggefeil.

Vågå kommune som vertskommune har ansvaret for førebuingar, innkalling og leiing av tilsynet (ved tilsynsleiar), samt å utarbeide rapport etter kvart tilsyn. Saksbehandlarar (fagtilsynet) i dei einskilde kommunane har ansvaret for å finne aktuelle byggesaker for tilsyn, samt å delta på sjølve tilsynet. Saksbehandlaren (fagtilsynet) har også ansvaret for vidare oppfølging etter at tilsynet er gjennomført og rapport er utsendt. Dette går fram av "Rutinar for tilsyn i byggesak", jfr. pkt. 4 i Vertskommuneavtala.

Det har i 2015 vore gjennomført 46 tilsyn i dei 5 kommunane. Utfallet av tilsyna er klassifisert i høve til tabellen under:

Nivå:	Konklusjon:	Tillitsforhold:	Rapportering:
1	Ingen/ubetydeleg svikt i kontroll er registrert.	Tilliten til foretaket er fullt ut bekrefte.	Ingen.
2	Det er registrert svikt i kontrollen, men ikkje vurdert som vesentleg.	Foretaket har fortsatt myndigheitenes tillit.	Åtvaring/merknad(er) registrert. Kopi til DIBK.
3	Det er registrert vesentleg svikt i kontrollen.	Tilliten til foretaket er svekka.	Varsel om eventuelle sanksjoner. Kopi til DIBK.

Det har i 2015 vore gjennomført 14 tilsyn i Vågå kommune. Resultata frå tilsyna er som følgje:  
- 7 av foretaka har fått nivå 1  
- 7 av tilsyna er ikkje nivåsett (desse er retta mot eigar, og utført i samarbeid med brannvesenet  
- Det er gjevne merknader i totalt 6 av tilsyna

Tilsyna har også i år fokusert på foretaka sine kvalitetsstyringssystem, og rutinar kring kvalitetssikringa. Tilsyna har vore gjennomført både varsla og umelde. Det har ikkje vore stilt krav om prioriterte tilsynsområde frå direktoratet (DIBK) i 2015.

### Plan og miljø

Ansvarsområdet plan omfattar arbeid knytt til kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, behandling og utarbeiding av reguleringsplanar samt behandling av dispensasjonssaker. Miljøområdet famnar ansvar og oppgaver knytt til forvaltning av vilt og fisk, friluftsliv, biologisk mangfald, motorferdsel i utmark, inngrep i vassdrag, forvaltning av verneområde og forureiningsaker.

Det har i 2015 vore arbeidd med revisjon av kommuneplanens arealdel og samfunnsdel. Samfunnsdelen vart etter justeringar av visjon og satsingsområde sendt på 2. gongs høyring på slutten av året. Arealdelen vart sendt på 1. gongs høyring på slutten av året. Endeleg vedtak av arealdelen er venta først på året i 2017.

Det vart i 2015 godkjent 5 reguleringsplanar; reguleringsplan for Krambue, reguleringsplan for Bjønnskardet, reguleringsplan for Sjodalen fjellgrend, reguleringsplan for Rv15 Rudilykkja - Nordre Snerle og reguleringsplan for Fv. 454 utbetringar Øvre Nordherad. Tre av desse var private planforslag, og to var planar fremma av Statens vegvesen.

Det vart i 2015 behandla 10 søknader om dispensasjon frå gjeldande planar. 8 av søknadane vart innvilga ved politisk behandling, og 2 avslege. 2 av vedtaka vart klaga på.

I 2015 vart det gjevne 7 løyve til motorferdsel i utmark på snødekt mark, eitt løyve til motorferdsel på barmark og eitt landingsløyve for helikopter. Det er elles 13 fleirårige løyve for leigekjøring fordelt geografisk i kommunen.

Forvaltning og skjøtsel av dei mindre verneområda i kommunen er følgt opp. I natur-reservata Vistehorten og

Sandehorten har det vore beitt, rydda einer og hogd for å ivareta verneverdiane, og det er gjennomført evaluering av skjøtselen i områda. Ved vedtak i statsråd 11. desember vart det oppretta tre nye verneområde i Vågå; Baklie naturreservat, Veogjelet naturreservat og Ridderspranget naturreservat, samt samanslåing utviding av eksisterande verneområde til Stuttgonglie naturreservat. Kommunen er tildelt forvaltningsansvaret for dei nye områda.

Ang. hjorteviltforvaltning kan det for jaktseasonen 2015 rapporterast følgjande for elg og hjort: Det vart felt 87 elg i 2015 og dette er 11 dyr færre enn førre året. Dette skuldast at det berre vart tatt ut 5 dyr i samband med uttak av trekk-elg i Langmorkje statsallmenning. Uttaket av trekkelg kom seint i gang på grunn av lite snø og forsinka trekk inn i området. Bestanden av elg er svakt aukande innanfor heile kommunen. Det vart felt 62 hjort. Dette er 2 dyr færre enn året før. Hjortebestanden er sterkt aukande i enkelte område, men det er store variasjonar innanfor kommunen. Det er generelt ønskeleg med ei høgare avskyting for å unngå at bestanden aukar mykje.

2015 har vore eit år med mykje tap av sau på beite til rovvilt. Som ein følgje av det har det pågått skadefellingsforsøk stort sett heile sommaren frå slutten av juni til byrjinga av september. Dette er ressurskrevjande for kommunen da det krevjar mykje koordinering, organisering og rapportering.

### Vågå brann- og redningsteneste – Oppsummering 2015

Hovudmålet med tenesta er at Vågå kommune har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemanna, slik at oppgaver pålagt i lov og forskrifter blir utført på ein effektiv og sikker måte, sett i høve til kartlagt risiko og sårbarheitsanalyse.

Vågå kommune har ei brannordning som vart revidert og godkjent i kommunestyret i 2015.

Brannvesenet har i 2015 bestått av ein innsatsstyrke på 11 brannkonstablar og 5 utrykkingsleiarar.

Det er alltid ein utrykkingsleiar på vakt. Utrykkingsleiar har også bakvakt for alle kommunale bygg når det gjeld heisalarmar og tekniske alarmar. Brannvesenet blir utalarmert frå 110-sentralen innlandet på Elverum (dekkjer alle kommunar i Hedmark og Oppland)





### Utrykningar:

Brann og redning	år:	2015	2014	2013
Brann i bygninger		4	1	2
Trafikkulykker		2	10	5
Brann i gras og kratt		4	7	2
Pipebrann		3	5	2
Skogbrann		0	0	0
Brann i kjøretøy		1	4	2
Falske eller unødige alarmer		9	12	11
Ambulanseoppdrag		3	3	6
Tekniske alarmer i kommunale bygg		16	18	16
Anna assistanse		7	15	10
Vass-skade		3	0	5
<b>Sum oppdrag</b>		<b>52</b>	<b>75</b>	<b>61</b>

Vågå brannvesen har hatt 52 utrykningar i 2015. Det har vore fåe bygningsbrannar dei siste åra noko som er gledeleg. Det er ein del falske eller unødige brannmeldingar. Fleire av desse utrykkingane går til trygde/omsorgsbustader og kommunale bygg med direkte brannvarsling til 110-sentralen. Brannvesenet blir oftare utkalla til alle typar redningsoppdrag. Eksempel på dette er flom og ras, trafikkulykker, bistand til ambulanseoppdrag, vasslekkasjar, akutt forureining, heisalarmer og tekniske alarmer i kommunale bygg.

I tillegg til brann og ulykkesberedskap har brannvesenet ansvar for brannførebyggjande arbeid og feiing.

Feiing og tilsyn er ei lovbestemt oppgåve. Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn regulerer utføringa av feiinga. Behovsprøvd feiing opnar for at feiing skal gjennomførast etter behov og minst kvart fjerde år og at det skal gjennomførast tilsyn med fyringsanlegg i bustad minst kvart fjerde år. Brannsjefen i Vågå legg opp til at alle piper skal feiast kvart anna år og tilsyn kvart fjerde år.

Den faste årlege feie- og tilsynsavgifta skal finansiere sjølvkostordninga med tilsyn av fyringsanlegg og behovsprøvd feiing i kommunen.

Det er i tillegg registrert 69 særskilde brannobjekt som brannvesenet har tilsyn med.

### Oppdrag:

Feiing og tilsyn	år:	2015
Feiing av piper		585 stk
Bustadtilsyn (tilsyn med fyringsanlegg)		250 stk
Branntilsyn særskilde brannobjekt, type A		27 stk
Branntilsyn særskilde brannobjekt, type B		11 stk
Branntilsyn særskilde brannobjekt, type C		
– freda anlegg		0

### Tilsyn med brann og redningsvesenet i Vågå kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) gjennomførte tilsyn med Vågå brannvesen i 2015. «Tilsynets formål er å vurdere hvordan kommunen ivaretar kravene til brann- og redningsvesenets beredskap fastsatt i brann- og eksplosjonsvernloven med tilhørende forskrifter, samt å motivere til at de ressurser som settes inn i brannvern-arbeidet blir utnyttet best mulig».

Konklusjon var at det ikkje vart påvist avvik under tilsynet og at brann- og redningsvesenet i Vågå er dimensjonert i tråd med regelverkets krav og den risiko som er registrert.

### Sluttkommentar:

Brannsjefen meiner at brannvesenet også i 2015 har utført dei pålagde oppgåvene på ein tilfredsstillande måte. Utdanning av mannskap og befal er prioritert siste året, noko som gjer at vi har godt kvalifisert personell. Arbeidsforholda i brannvesenet er gode, bra utstyr, motiverte mannskap og godt arbeidsmiljø.

Feiing og tilsyn, informasjonsarbeid om brannførebyggjande tiltak, brannøvingar med ulike verksemdar i kommunen og informasjonskampanjer i samarbeid med DSB, Norsk brannvernforening og EL-tilsynet v/Eidefoss har vore viktig for oss i 2015.

### Kommunal veg

Det kommunale vegnettet i Vågå kommune består av 88 km kommunale vegar og gater.

Hvorav:

- 54 km kommunale vegar og gater
- 3,8 km gang og sykkelveg
- Parkeringsplasser og anna areal
- 5,55 km private vegar (Vinter)
- 24,7 km bomveg

Vedlikehaldet av dei kommunale vegane er sett bort gjennom anbuds konkurranse.

Vintervedlikehaldet gjeld i perioden 2014–2019 med oppdragsgjevarverstyrt opsjon på 1 år fram til og med 30.09.2020. Entreprenørar er Kristian Gården og sønner AS og Even Sveen maskinservice. Vegnettet er splitta opp i rodar, noko som har opna opp for ei breiare konkurranse der fleire aktørar har gjeve inn pris.

For sommarvedlikehaldet har kommunen laga kontrakt som er lagt opp til bestilling av arbeid etter faste einingsprisar. Sommarvedlikehaldskontrakta gjeld perioden 2014–2019 med oppdragsgjevarverstyrt opsjon på 1 år fram til og med 31.10.2020. Entreprenør er Skogen Entreprenør AS.

Vegbudsjettet er i all hovudsak bunden opp i vedlikehaldskontrakt med entreprenørar. Desse kontraktane inneheld i hovudtrekk følgjande:

- Sommarvedlikehald med salting, høvling, gruslapping, grøfter, stikkrenner, kantslått, rekkverk, krattrydding, feiing av vegar og gater, vegskilt, ferister m.v.
- Vintervedlikehald med brøyting, høvling, utkøyting av snø frå sentrum, stikkrenner, brøytestikk, strøing, beredskap m.v.

Vågå kommune har ansvaret for vintervedlikehald av 3 stk. private vegar i kommunen med ei total lengd på 5,55 km. Øyomsvegen vart frå 01.01.2015 politisk vedteke klassifisert som privat veg.

Vågå kommune har i dag ikkje tilskottsordning til privat veg.

### Kommunale bomvegar

#### Blåhøvegen:

Blåhøvegen vart brøyt opp til parkeringa ved Vole og opna for trafikk før påsken i 2015. Vegen vart deretter stengt for optørking og for å få betre stabilitet. Vegen var så opna heilt til toppen. Det var i 2015 utført brøyting av vegen, skifting av stikkrenner, reparasjon av dekke og høvling.

#### Slådalsvegen:

Her vart det i 2015 utført brøyting av vegen, reparasjon av dekke og høvling.

I tillegg til dette har kommunen ansvar for: 5 bruer, 526 gateljos, 2 vegbommar overvasssystemet og diverse trafikktryggleiksarbeid.

Vågå kommune drifrar i dag gateljos langs fylkes- og kommunale vegar, der i blant i bustadfelt og sentrumsområdet. Det er i budsjettet lagt inn ein føresetnad om at gateljoset blir slått av delar av døgnet.

Kommunen har som vegeigar ansvar for å følge opp arbeid på og langs kommunal veg samt krevje gravemelding og arbeidsvarslingsplan og halde tilsyn med dette jf. Veglova. Alle nye avkøyrslar frå kommunal veg skal godkjennast av vegeigar ut i frå søknad og situasjonsplan og behandlast etter veglova.

Alle endringar på vegar, både nye og gamle skal først i matrikkelen for vegbasa, dette gjeld både private og kommunale vegar. Kommunen har også eit ansvar for å kvalitetssikre eksisterande kart og gjere endringar der dette vert oppdaga.

### Budsjett for oppgradering

Det var i budsjettet for 2014 løyvd 1,5 millionar kr til oppgradering av kommunale vegar. Hovudutvalet for teknisk (HTLN) vedtok å ruste opp Kveomsvegen. Utbringa gjekk ut på å skifte og supplere stikkrenner og å auke kapasiteten på grøfter for å vere betre rusta mot større nedbørsmengder. Vidare vart det også auka vegbreidde på noko av vegen samt nytt dekke. Arbeidet vart delt i 2 fasar der avsluttande fase er at siste gruslag skal leggest til våren 2016.

## VARS området

### Vatn og avløp

Vatn og avlaup er sjølvkostområde der gebyra skal dekke kostnaden med drifta av tenesta. Sjølvkostfond har ikkje lov å vere negative og Vågå kommune må derfor få bygd opp sjølvkostfonda slik at dei får positiv balanse. Frå utgangen av 2014 peikar pila rett veg.

Økonomien i sjølvkostområdet må sjåast på over ein periode på tre til fem år. Ved slutten av 2015 var sjølvkostfond for vatn positivt på **1 792 417,-** og avløp positivt på **1 544 745,-**. Dekningsgrad var på 115,8 % på vatn og 130,1% på avløp.

Ein normal vinter gjorde at det vart få problem på både vatn og kloakk i løpet av 2015. Vi har ikkje hatt noko røyrbrot eller andre store avvik. Vasskvalitet ved dei ulike vassverka syner verdiar godt innafor krava så nær som Skogbygda der vi har for høge verdiar med nikkel. Der har vi ein dialog med Mattilsynet for vidare nødvendige tiltak. På avløp har vi også utsleppsverdiar godt innafor krava og elles ingen store driftsproblem. I løpet av 2016 skal ein utarbeide ein tiltaksplan for v-nettet i Vågå sentrum. Det hadde også vore ynskjeleg med ein ny hovudplan for va-området for heile Vågå kommune.

Kameraundersøking blei utført av vatn- og kloakkleidning frå Øygardsvegen opp Skjellvegen etter at det viste seg å vere lekkasje på dette strekket. Kloakkleidning er i orden, men vatn leidning var ganske øydelagt summe plassar og måtte skiftas ut. Arbeidet med å utbetre dette er gjort i 2015. Vågå kommune har overteke VA-anlegget Lemonsjøen Fjellpark II, trinn 1 og 2

### Renovasjon

NGR jobbar stadig for å forbetre seg og levere gode renovasjonstenester til bebuarar i Vågå kommune. Frå utgangen av 2015 er sjølvkostfondet positivt med ca. 1,15 mill. Grunna det store positive sjølvkostfondet i 2014 (2 mill.) kunne Vågå kommune fryse avgifter på renovasjon i 2014. Dette gjerast slik at fondet ikkje veks seg for stort og en viss balanse blir heldt. Renovasjon gjekk med eit negativt resultat på 908.000,- i 2015.

### Septik

Frå og med 1.1.2013 er det Miljøservice AS på Stryn som leverer septiktenester i Vågå kommune. Septik er eit eige sjølvkostområde der inntektene skal dekke kostnaden med innsamling, kontroll av infiltrasjonsanlegg og behandling av septik. Sjølvkostfondet var negativt ved utgangen av 2014 med 42 000,- Etter ei kraftig auke i gebyrsatsane for 2015 visar no sjølvkostfondet eit positivt resultat på ca. 364.000,-. Gebyra vil difor truleg bli sett ned att noko frå og med 2017.

Behandling av avvatna slam skjer ikkje lenger ved Vågåmo reinseanlegg, men sendast til Myrmoen på Sel til godkjent mottak der. Etter tre år med ny leverandør er Vågå kommune svært tilfreds. Dei har vore pålitelege, tømmer etter oppsett plan og er svært ryddige leverandørar. Vågå kommune har hatt mange klagar i etterkant av auka i gebyrsatsane på tette tankar.

## Kommunale eigedomar

Vågå kommune sin eigedomsavdeling består av:

- 1 ingeniør (1,0 årsverk) – tenesteleiar med ansvar for budsjett og økonomi, samt driftsansvar for avdelinga
- 1 ingeniørar (1,0 årsverk) med ansvar for prosjekt- og byggeleiiing av investeringsprosjekt.
- Vaktmeisterteam med 6,2 årsverk fordelt på 8 vaktmeistrar med leiande vaktmeister.
- Reinholdsteam med 16,5 årsverk fordelt på 23 reinholdarar med leiande reinholdar.
- Sysselsettingsgruppe (1,0 årsverk - Sysselsettingskoordinator), med varierende tal deltakarar (3 – 12 personar) elles i gruppa.
- Totalt tal på tilsette: 34 inkl. leiar for avdelinga.

Vågå kommune sin eigedomsavdeling har ansvar for:

- FDVUS - Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service av kommunens eigedomar
- Reinhold av alle kommunale formålsbygg
- Prosjektutvikling og byggherrefunksjonen for kommunen
- Eigedomsutvikling inkl. kjøp og sal av kommunal eigedom
- Disponibelt areal vel 33.500 kvm
- Investeringsprosjekt i ulike fasar
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens park-/grøntanlegg på om lag 50 dekar
- Kjøp og sal av kommunale tenestebilar, samt kontroll og vedlikehald av desse
- Kommunale innkjøp, med representant i fagrådet for kommunalt innkjøp i 6K

I tillegg til Vågå kommune sine eigedomar, har eigedomsavdelinga administrativt ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Kolbotvegen sameige på Lalm. Kolbotvegen sameige er på totalt 8 bueiningar, der kommunens del er på 5 trygdebustader. Kommunen har ikkje lukkast i å selje 1 av desse bustadene, som planlagt, men vil på nytt legge den ut for sal, vurdert etter marknad/etterspurnad. Den samla

eigedomsmassen er på vel 33.500 kvm. Areala fordeler seg på følgjande byggkategoriar:

Type bygg	Km <sup>3</sup>	
Skule- og barnehagebygg (skule)	6 800	
Skule- og barnehagebygg (barnehage)	1 554	
Helse- og omsorgsbygg (inkl. omsorgsbustadar)	8 943	Vågåheimen, helsesenter og 25 omsorgsb.
Administrasjonsbygg	3 000	
Idrettsbygg	2 400	
Kulturbygg	3 865	
Utleigebustader	2 240	30 einingar
Trygdebustader	2 555	35 einingar
Andre bygg	2 230	
<b>Sum</b>	<b>33 587</b>	

Vaktmeisterteamet og sysselsettingsgruppa yter også hjelp til kyrkja, flyktingtenesta og til ulike kulturaktivitetar. Hjelp til kyrkja dreiar seg mest om graving av graver, stell av grøntareal m.m. Dette arbeidet er på om lag 1.000 arbeidstimar pr. år.

- Større prosjekt som sektoren hadde ansvaret for i 2015;
- Ombygging av gamle helsesenteret på Vågåheimen, til 5 nye kortids- og rehabiliteringsplassar (sjukeheimsplassar), kontorlokalar for Heimesjukepleia, samt kontor- og treningslokalar for fysioterapi. Prosjektet vert avslutta april/mai 2015
  - Prosjektleiing – utreiing/prosjektering av ombygging av Vågåheimen, samt strukturendring av helseteneste (institusjon, heimebaserte tenetar og PU)
  - Bygging av ny skysstasjon i Vågåmo
  - Div. mindre prosjekt;
    - oppgradering av leikeplassen i Søre-Grindstugu barnehage
    - nye lærararbeidsplassar og utskifting av ljøs på Vågå ungdomskule
    - tilrettelegging av ny personheis i tilknytning med scene på kulturhuset
    - tilrettelegging/ombygging av gamle apotek, for utleige til fotpleiesalong (privat praksis)
    - prosjektering av utleigelokal i Ullinsvin. Oppdrag utført for Vågå Næringssselskap.

## NAV

NAV Vågå kan sjå attende på eit år med stabilt gode reultat, og vi kan særleg vise til gode resultat i forhold til dei viktige resultatindikatorane: kontakt arbeidsgiver og overgang til arbeid.

Vi har i året som har gått hatt særleg fokus på arbeidsretta brukeroppfølgning av ungdom med nedsett arbeidsevne og flyktningar, samt tidleg oppfølging, og aktivitet for sjukmeldte.

Også dette året har vi hatt eit resultat i forhold til økonomisk sosialhjelp, med låge utgifter i forhold til sammenlignbare kommuner. Vi har og levert eit resultat økonomisk, som stemmer bra i forhold til budsjett for 2015.

## Landbrukskontoret for Sel og Vågå

### Resultat og måloppnåing 2015

Landbrukskontoret i Vågå er eit felles kontor for Sel og Vågå. Kostnadane delast likt mellom Sel og Vågå. I tillegg er det to stillingar som landbruksvikar knytt til ansvarsområdet.

Kontorets primæroppgaver er rådgjeving, forvaltning av offentlege og kommunale tilskotsordningar retta mot landbruket og saksbehandling etter landbrukslovene (odelslov, konsesjonslov, jordlov, skogbrukslov) med tilhøyrande forskrifter.

Kontoret har 5,1 årsverk fordelt på seks tilsette. I tillegg har vi ein person på arbeidstrening. Det er felles skogbrukssjef for Vågå (40%), Lom (30%) og Skjåk (30%). Vågå kommune seljer landbrukskontortenester til Lom kommune tilsvarende 20 % stilling. Landbruksjefen har funksjon som beredskapskoordinator. Ein tilsett arbeidar inntil 20% stilling inn mot Nordheradsprosjektet.


Generelt: Gjeldande landbrukspolitikk medfører at landbruksnæringa i Vågå, som elles i landet, er prega av omfattande rasjonalisering. Dette betyr at talet på produsentar går ned, medan omfanget på dei attverande produsentane aukar. Talet på produsert liter eller tonn held seg stabilt eller syner ei lita auke.

Måleindikatorer	Res 2010	Res 2011	Res 2012/2013	Res 2014	Mål 2015	Res 2015
<b>Fråvær i %</b>	<b>1,8</b>	<b>0,8</b>	<b>0,8</b>	<b>0,2</b>	<b>&lt; 4</b>	<b>2,0</b>

### Landbruksplan for Sel og Vågå

I løpet av 2013 vart arbeidet med landbruksplan for Sel og Vågå gjennomført, i lag med faglag og politikarar. Hovudmålsettinga i planen er å auke landbruksproduksjonen i Sel og Vågå med 1 %, i tråd med den nasjonale målsetting. Handlingsplanen fungerer som ein plan for kva vi skal arbeide med/mot utanom lovpålagde oppgaver.

## Nøkkeltal frå produksjonstilskottssøknadane



Talet på mjølkeprodusentar går ned. Total mjølkekvote i Vågå har stabilisert seg og syner ei lita auke dei seinare år.

## Landbruksvikar

Landbruksvikarordninga skal vere ei sikring for gardbrukarar i samband med akutt sjukdom. Det er Vågå Avløysarlag som

## Oppdragsstatistikk

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Sjukdomsavløyning	341	312	363	302,5	342	319
Anna avløyning	106,5	142	75,5	120	94	62
Ikkje oppdrag	0	0	0	32*	18*	3*
<b>Sum dagar med avløyning</b>	<b>447,5</b>	<b>454</b>	<b>438,5</b>	<b>454,5</b>	<b>454</b>	<b>381</b>

\*Vikarane blir sysselsett på Teknisk sektor når det ikkje er oppdrag hjå gardbrukarar

44


## Kommunal landbrukstilskottsordning

For 2015 vart det avsett kr 150 000,- til det kommunale landbruksfondet. Følgjande saker fikk innvilga tilskott i 2015:

Tiltak	Tal saker 2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Nydyrking	2	3	2	3	1	2	1
Grøfting			1	11	4	5	7
Vassanlegg	0	1		0	0	0	0
Ungskogpleie	6	1	2	3	2	2	4
Skogsvegar	2	1	2	1	1	1	1
Skogsdrift i bratt terreng	1	0		0	0	0	0
<b>SUM</b>	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>18</b>	<b>8</b>	<b>10</b>	<b>13</b>

36 saker på «vent» til 2016.

## Dyrka jord i Vågå




Dyrkajordarealet er nokolunde konstant. Ein del marginale areal er i ferd med å gå ut av drift. Det kan vere små areal som ligg for seg sjølve, som ikkje er driftsøkonomisk lønsamt å hauste.

er ansvarleg for ordninga. Dei kjøper tenestene av Vågå kommune. Ordninga var i 2015 budsjettert med eit minus på kr 61 000,-. Ordninga gjekk med ca. kr. 6000 i overskott.

## Skogbruk

Avverkninga i Vågå var historisk særst høg i 2008. 2009 var og eit år som låg betydeleg over snittet. Fallande virkesprisar, og stormen Dagmar hausten 2011 førte til at hogstmaskin-kapasiteten har vore nytta i Skjåk etter stormen. I 2013 hadde vi stor auke i privatskogbruket, med eit påfølgande sterkt fall i 2014. Vi ser at avverkningsnivået varierer mykje frå år til år, og at nivået må vurderast over fleire år. Rapporteringa av statistikk frå Langmorkje Almenning for 2013 var seint ute, har i stor grad vorte godsrive 2014. Derav det høge talet for 2014. 2015 har og vore eit bra år, med avverkning over gjennomsnittet.



Investeringsviljen i skogsvegar har ei periode vore stor, med eit toppår i 2014. I 2015 har det vore liten vegbyggings-aktivitet, men det er fleire prosjekt på gang i 2016.

## BU/IBU-midlar (investering og bedriftsutvikling i landbruket i Vågå)

År	Tal innvilga søknader	Innvilga tilskott
2012	7	1 360 000
2013	9	1 900 000
2014	7	2 100 000
2015	5	737 000

Frå 2015 har alle IBU-saker vorte handsama av Innovasjon Norge sitt avdelingskontor på Lillehammer.

Vågå hadde 12 saker til avgjerd i 2015. Det var søkt om 2,9 mill kr i IBU-tilskott med total kostnadsramme på 13 mill kr.



3 søknader var innafor tilleggsnæring. 2 av desse fekk innvilga tilskott, tilsaman 272 000 kr.

Øvrige saker galdt tradisjonelt landbruk, mjølkeproduksjon og sau. Her vart løyvd 465 000 kr i tilskott, fordelt på 3 saker.

I 2015 fekk Vågå innvilga ¼ av omsøkte midlar gjennom IBU-ordninga.

## Tap av sau på utmarksbeite

I åra før 2013 låg tapsprosenten under 3%. Fom. 2013 auka dette til kring 4%. Dette skuldast i stor grad at vi har hatt auke i jerveåtak, spesielt i beiteområda nord i Vågå. Det har vore gjeve løyve til skadefelling ved fleire høve, men utan resultat. Lisensfellinga har heller ikkje gjeve særleg resultat i kommunen. Vågå er med i eit prosjekt som er initiert av Fylkesmannen i Oppland med mål om effektivisering av jervejakta i Oppland. Vi voner at denne satsinga snart vil gje betre uttelling.



45

SMIL – Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Vågå kommune	2015		2005 - 2015	
Tema	Ant. Tiltak	Kr	Ant. Tiltak	Kr
Planlegging/tilrettelegging			9	556 000
Tilgjengelighet/opplevelse			4	37 000
Gammel kulturmark	24	412 000	175	2435 000
Kulturminner/miljø			1	14 000
Freda- og v.verdige bygg	4	302 000	119	8 500 000
Org. beitebruk			10	297 000
Hydroteknisk anlegg	2	12000	11	185 000
<b>Sum</b>	<b>30</b>	<b>726 000</b>	<b>330</b>	<b>12 024 000</b>

I løpet av denne 10-års perioda har Nord-Gudbrandsdal fått om lag 1/3 av SMIL-midlene i Oppland, i alt ca. 47 mill. kr. Frå 2014 til 2015 var det ein markert nedgang i den totale ramma for SMIL-midler. I Oppland var det ein nedgang frå ca 10 mill i 2014 til ca. 7 mill i 2015. Dette har også medført ein tilsvarande reduksjon i overføringane til kommunane

Innen vårt område er det stor variasjon frå kommune til kommune. Når det gjeld fordeling av ramma viser statistikk at 70% har gått til freda- og verneverdige bygningar, resten i hovudsak til kulturlandskapstiltak som beiterydding og gjerde. Det er i gjennomsnitt gjeve 35% tilskot pr. tiltak.



Urtehaven i Ullinsvin.

Ottadalen Skatteoppkrevjarkontor og arbeidsgjevarkontrollen for Nord-Gudbrandsdal

Ottadalen skatteoppkrevjarkontor vart etablert 1.9.2012 og frå 1.4.2014 vart arbeidsgjevarkontrollen overført frå Lom kommune til Vågå kommune. Skatteoppkrevjaren er tenesteleiar for skatteområdet og arbeidsgjevarkontrollen, der Vågå kommune er vertskommune. Skatteoppkrevjaren og arbeidsgjevarkontrollen har kvar sitt budsjett då det er ulikt kor mange kommunar som er med i samarbeidet.

Skatteoppkrevjaren består av kommunane Sel-Vågå-Lom og Skjåk, i arbeidsgjevarkontrollen er og Lesja og Dovre med. Samla så er det 4 tilsette ved kontoret.

Tabellen under syner resultatkrav frå Skatt Øst og oppnådde resultat for Vågå kommune pr 31.12.15. Skatteoppkrevjaren er godt nøgd med resultatet pr 31.12, der avvika ligg i firma som er under konkursbehandling.

Kommunenr:	0515		
Styringsparameter	Resultat pr 31.12.2015	Resultatkrav	Differanse
2.2.1 Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år, fordelt på skatte-/avgiftsart			
c) Restskatt for personlege skattytarar (2013)	97,0	93,5	3,5
d) Forskotttrekk (2014)	99,7	99,9	-0,2
e) Forskott for personlege skattytarar (2014)	99,5	99,4	0,1
h) Arbeidsgjevaravgift (2014)	99,7	99,8	-0,1
2.3.1 b) Innfordra restskatt av sum krav til innfordring siste år (inntektsåret 2013)	71,6	61,0	10,6
g) Restskatt upersonlege (2013)	100,0	100,0	0,0
f) Forskottsskatt upersonlege (inntektsåret 2014)	100,0	100,0	0,0



Frå Knutshø.



# Fakta

**Nødnummer: Brann: 110 Politi: 112 Ambulans: 113**

Teknisk vakt vatn og avlaup: 41 69 49 15  
Legevakt: 61 700 800  
Brøyting/strøing – 48 02 85 52  
Brannvesenet (ikkje akutt) – 99 48 75 70

## Serviceforretning

Måndag – Fredag 07.30 – 15.00  
Tlf 61 29 36 00  
Fax 61 29 36 01  
postmottak@vaga.kommune.no

## Vågå bibliotek

Tysdag 12.00 – 19.00  
Onsdag 12.00 – 19.00  
Laurdag 11.00 – 14.00  
Tlf 61 29 36 30  
biblioteket@vaga.kommune.no

## Vågå helsesenter

Måndag – Fredag 08.00 – 15.00  
Tysdag 09.00 – 15.00  
Tlf 61 29 37 00  
resepsjon@vaga.nhn.no

## Vågå miljøstasjon

Tysdag 12.00 – 18.00  
Fredag 12.00 – 15.00  
Tlf 97 55 47 44  
www.ngr.no

## Andre telefonnummer i Vågå:

Søre Grindstugu barnehage .....61 29 38 50  
Vågåmo skule .....61 29 38 00  
Lalm skule .....95 05 72 83  
Lalm barnehage .....61 23 93 40  
Tessand barnehage .....61 23 86 66  
Vågå ungdomsskule .....61 29 39 00  
Aktivitetshuset .....61 29 38 92  
Vågå kulturhus/Vågåhallen .....61 29 39 50  
Frivilligsentralen .....61 29 37 88  
Vågå Fjellstyre .....61 29 37 37  
Vågåheimen .....61 29 37 50  
PP-kontoret (regionalt) .....61 70 08 40  
Barnevernstenesta for Vågå og Sel .61 70 07 00  
NAV Vågå .....55 55 33 33  
Dagsenter Sjørdalen .....95 28 31 20  
Billettelefon .....61 29 36 20



Foto: Geir Olsen